




BYKLE  
KOMMUNE – Bykle ser langt

# ØKONOMIPLAN 2024–2027 OG BUDSJETT 2024



Vedteke i kommunestyret 30.11.2023



”

Så vent som der æ i Setesdal  
sossi om sommårstii.  
Grasi grønkar kor du ser  
å lauvi lyser i lii.

Så vent som der æ i Sætisdal  
det kan eg alli seie.  
Bekkjin renne o bergo ne  
å av uti Otre breie. ”

# Innleiing

Det er høg aktivitet i Bykle kommune, og kommunestyret er aktive pådrivarar for å leggje til rette for vidare vekst og utvikling. God økonomisk planlegging som sikrar langsiktig økonomisk handlefridom er avgjerande for å nå dei langsiktige utviklingsmåla i samfunnsdelen av kommuneplan for Bykle kommune (2016-26). Økonomiplanen for perioden 2024-2027 og årsbudsjettet for 2024 er dei viktigaste verktøya for dette arbeidet i året som kjem.

2023 har, likeins som året før, vore prega av renteauke, inflasjon og sviktande konjunkturar. Dette påverkar både privatøkonomien og kommuneøkonomien. I inneverande budsjettperiode ligg kommunen godt an i høve dei økonomiske måltala. Måltala er gode verktøy for kommunens overordna økonomiske styring.

Parallelt med auka utgifter, har kommunen fått auka kraftinntekter. Dette har på kort sikt gjeve kommunen eit større økonomisk handlingsrom. Det er venta at kraftinntektene for 2024 vil fortsette å vere på eit relativt høgt nivå, men det er knytt stor usikkerheit til korleis det vil utvikle seg i åra som kjem. I den langsiktige økonomiske planlegginga er det difor viktig å legge denne usikkerheita til grunn.

Kommunens viktigaste oppgåve er å levere gode tenester til innbyggjarane gjennom heile livsløpet. Tenestene i Bykle kommune held generelt eit høgt nivå, men samstundes kan dei utvikle seg og verte betre. I 2023 har alle tenesteeiningane i kommunen laga verksemdsplanar. Verksemdsplanane vert viktige i forbetningsarbeidet dei kommande åra.

Tenestene skal ha tilstrekkeleg kvalitet, kapasitet og kompetanse, og vi skal satse vidare på innovasjon, digitalisering og samskaping for å møte framtidens utfordringar. For at kommunestyret skal få ei djupare forståing av utfordringsbiletet i dei ulike tenestene, vert det lagt opp til temadagar med alle tenesteeiningane i økonomiplanperioden.

I vedteken samfunnsdel av kommuneplan for Bykle (2016-26) er eit av delmåla at innbyggjartalet skal vere over 1000 i 2026. Dette målet vart nådd i 2023. Fokuset for 2024 vert å stabilisere innbyggjartalet på over 1000.

Kommunen har dei siste åra fått mange nye innbyggjarar frå andre land og kulturar. Fleire av dei kjem frå Ukraina. Krigen i Ukraina tok til for snart to år sidan, og konsekvensane er omfattande og tragiske. Bykle kommune har eit særskilt ansvar for flyktningar, og det vert jobba godt med busetting og integrering. Språk, bustad, jobb og sosialt nettverk er sentrale innsatsområde i dette arbeidet.

FN sine mål for berekraftig utvikling reflekterer dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling: klima og miljø, økonomi, og sosiale forhold. Eit berekraftig samfunn tek omsyn til menneska som lev i dag, utan å øydelegge framtidige generasjonars moglegheiter til å dekke sine behov. Denne globale forpliktinga vert lagt til grunn for utviklingsarbeidet i Bykle kommune.

Det er eit nasjonalt mål at Noreg skal vere eit lågutsleppsamfunn innan 2050. Noreg har forplikta seg til å redusere direkte klimagassutslepp med minst 50 prosent innan 2030, samanlikna med nivået i 1990. Bykle kommune har eit ansvar for å bidra gjennom klimagassreduksjonar knytt til eksisterande drift og gjennom lågutsleppskrav til nye tiltak.

Arbeid og aktivitet er grunnleggande for livskvalitet og inntekt for den einskilde, men er òg svært viktig i eit samfunnsøkonomisk og velferdspolitisk perspektiv. Det offentlege forvaltar ei rekke tiltak og verkemiddel for å hjelpe menneske inn i eller tilbake til arbeidslivet. Til tross for dette står mange utanfor. Arbeidet mot utanforskap vert eit prioritert satsingsområde i økonomiplanperioden.

Eit levande næringsliv og auka verdiskaping er avgjerande faktorar for å skape sterke og gode lokalsamfunn. Næringslivet skapar viktige arbeidsplassar og inntekter som kjem lokalsamfunnet til gode. God samhandling mellom kommunen og næringslivet er avgjerande for å skape ein offensiv og optimistisk utviklingskultur. Kommunane i Setesdal og i Agder er gjensidig avhengig av regionalt samarbeid. Ulik kommuneøkonomi og ulike behov gjer at ein må ha merksemd på korleis dei interkommunale samarbeida utviklar seg. Innhald og funksjonar må bidra til ei ynskja og tenleg utvikling. Agder fylkeskommune er ein viktig utviklingsaktør for Bykle kommune. Det er difor viktig å vidareføre og stryke det gode samarbeidet med fylkeskommunen.

--

Kommunedirektøren presenterer med dette framlegget til økonomiplan for perioden 2024-2027 samt årsbudsjettet for 2024 for Bykle kommune.

I dette dokumentet utgjer økonomiplanen del 1, medan budsjettet for 2024 utgjer del 2.

Oppbygginga og inndelinga av hovudoversiktene er slik som tidlegare, og nivået som budsjettet er tilrådd vedteke på, følger inndelinga i tenesteeiningar. Driftstiltak utgjer ein sum for kvar tenesteeining. I rekneskapen vert budsjettet splitta ut på rekneskapsomgrepet «ansvar» for betre kontroll og budsjettoppfølging. Fordeling ut på kvart ansvar vert tilrådd tillagt kommunedirektøren etter at kommunestyret har gjeve sine retningslinjer og gjort sitt vedtak om disponering av midlane for år 2024.

Handsaminga i råd og utval vert ikkje vurdera/handtera av kommunedirektøren, men følger som særskilte vedtak direkte til formannskapet som innstiller til kommunestyret.

Dokumentet er oppdatert etter vedtak i kommunestyret 30.11.2023.  
Bykle, 27.10.2023

  
**Karina Sloth**  
Kommunedirektør

  
**Ann H.R. Ebeltoft**  
Økonomisjef



# Innhald

Innleiing	4
1. Plattform for budsjett og økonomiplan	8
2. Overordna økonomi, investeringar og prosjekt	10
3 Formellt grunnlag/overordna føringar	12
3.1 Finansielle måltall	12
4. Kommunen sin økonomiske situasjon	13
<b>DEL 1 - ØKONOMIPLAN 2024-2027</b>	<b>19</b>
5. Kommunedirektøren sine kommentarar til økonomiplanen	20
5.1. Inntekter, kostnader og tenestetilbod.	20
5.2. Næringsarbeid, rammer for næringsretta tiltak	22
5.3. Tiltak i økonomiplanen.	23
5.4. Konklusjon/oppsummering	23
6. Økonomiplan, løyvingsoversikt investering	24
7. Løyveoversikt, investering til fordeling	26
8. Økonomiplan Bykle kommune, drift 2024-2027	32
9. Detaljerna tiltaksoversyn drift, 2024-2027	34
10. Oversyn over utvikling i skattar og avgifter	29
<b>DEL 2 - BUDSJETT 2024</b>	<b>43</b>
11. Oversyn over fondskonti	44
12. Løyveoversikt – investering	46
13. Løyvingsoversikt, investering fordelt på prosjekt	48
14. Økonomisk oversyn etter art–drift	50
15. Løyveoversikt drift	52
16. Løyvingoversikt drift, budsjett per tenesteeining	54
17. Personaldel	55
18. Kommentarar til årsbudsjett og økonomiplan på tenesteeiningsnivå	56
18.1. Investeringsbudsjettet (kapitalbudsjettet)	56
18.2. Driftsbudsjettet	57
19. Budsjett per eining:	60
Kommunedirektørens stab («rådmannsstab»)»	60
Pleie- og hjelpetenesta	66
Helsetenesta i Bykle og Valle	68
Teknisk drift og eigedom	70
Kultur og fritid	73
Bykle barne og ungdomsskule, vaksenopplæringa	74
Barnehage	78
Fjellgardane skule	80
20. Kommunale avgifter, prising og tilskott for 2024	84

# 1. Plattform for budsjett og økonomiplan

I vedteken samfunnsdel av kommuneplan for Bykle, 2016 – 2026, vedteken av kommunestyret 27.09.2017, er det definert følgjande fem hovudtema som ein planlegg og jobbar utifrå. Klima, det gode liv, utdanning, kommunikasjon og kultur. Desse tema tek utgangspunkt i regionplan Agder sine fokusområder.

**Hovudmål for Bykle kommune si utvikling er som følgjer:**  
Bykle kommune skal ha eit langsiktig perspektiv på utvikling og forvaltning av kommunen sine ressursar.

**Dette er brote ned i følgjande delmål:**

- I 2026 skal innbyggjartalet i Bykle kommune vere over 1000. Bykle kommune skal auke talet på heilårlege arbeidsplassar i privat sektor, innafor ulike faggrupper.
- I 2026 skal Bykle kommune fortsette å vere Agders største og beste vinterdestinasjon.
- Bykle kommune skal sikre og utvikle eit variert bustadtilbod, lokalisert ut frå omsynet til samordna bustad- og arealplanlegging.
- Vi skal saman skape eit samfunn som gjev gode mogelegheiter til god psykisk helse og trivsel heile livet.
- Bykle kommune skal vere ein pådrivar for gode regionale og interkommunale samarbeid.

## TEMA 1. KLIMA.

**Mål i regionplan Agder:** Høge mål - låge utslepp.

**Mål for Bykle:** Bykle kommune skal vere trygg og framtidsretta i det grønne skifte. Verdiskaping bygd på naturen og fornybar energi skal kome Bykle til gode.

**Delmål:**

- Legge til rette for miljøvenleg og kollektiv transport innad i kommunen (grendebuss)
- Satse på bioenergi, og planlegge med tanke på dette.
- Forvalte naturverdiar og kulturlandskap i eit langsiktig perspektiv.
- Legge til rette for landbruk, kortreist mat og bruk av utmarksbeite.
- Vidareutvikle vasskraft med fokus på lokalmiljø.
- Førebygge og minimere konsekvensar av uønska hendingar og klimaendringar.

## TEMA 2. DET GODE LIV

**Mål i regionplan Agder:** Agder for alle.

**Mål for Bykle:** Bykle kommune skal vere så attraktiv at folk som bur her vil bli, og at nye vil flytte hit. Det skal vere godt å bu og arbeide her heile livet. Vi må fokusere på næringsutvikling for å skape heilårsarbeidsplassar. Vi skal legge til rette slik at alle kan ha god helse.

**Delmål:**

- Legge til rette for nye arbeidsplassar, særleg i privat sektor.
- Vere opne for mangfald og satse på likestilling.
- Vidareutvikle turvegnettet.
- Ha gode system for å inkludere nye som kjem til kommunen.
- Vidareutvikle betre samlingsplassar for ungdom.
- Stø oppunder familiane med tanke på ein god oppvekst for alle.
- Utvikle møteplassar der fleire generasjonar kan samlast.
- Arbeide målretta for å utjamne sosiale helseskilnader

## TEMA 3. UTDANNING

**Mål i regionplan Agder:** Verdiskaping bygd på kunnskap.

**Mål for Bykle:** Bykle kommune skal ha gode vilkår for god læring heile livet, frå barnehage til vidaregåande skule og vaksenopplæring.

**Delmål:**

- Legge til rette for livslang læring.
- Trygg skuleveg for alle.
- Fleire lærlingeplassar, også i privat sektor.
- Arbeide aktivt for god folkehelse for å hindre fråfall i den vidaregåande skulen.
- Ha fokus på lokal natur og kultur i skulen.
- Vidare utnytting av potensiale ved Hovden vidaregåande skule, også når det gjeld lokale elevar.
- Arbeide for meir desentralisert utdanning.



#### TEMA 4. KOMMUNIKASJON

**Mål i regionplan Agder:** Dei viktige vegvala.

**Mål for Bykle:** «Gul stripe til Hovden».

##### Delmål:

- Vere aktive i høve til regional og nasjonal vegutbygging.
- Prioritere gåande og syklande i planlegging.
- Legge til rette og satse på kollektiv transport.
- Få på plass tilbod om grendebuss og taxi.
- Vere ein pådrivar for vidare utvikling av fiber i kommunen og i regionen.

##### Kommunikasjon i lokalsamfunnet.

**Mål for Bykle:** Bykle kommune skal vere ein arena for god og sakleg kommunikasjon der alle er verdsett.

##### Delmål:

- Vidareutvikle og satse på digital informasjon.
- Ha etisk nettkommunikasjon.
- Open og ærleg kommunikasjon innad og utad i kommunen.
- Vere eit truverdig forvaltningsorgan.
- Ein skal ha fokus på innbyggjarservice og på å gjere brukarane nøgd med tenestene.
- Lage kommunikasjonsstrategi i løpet av planperioden.
- Stimulere til politisk engasjement og ein levande samfunnsdebatt.

#### TEMA 5. KULTUR

**Mål i regionplan Agder:** Kultur-opplevingar for livet.

**Mål for Bykle:** Bykle kommune set pris på mangfaldet.


##### Delmål:

- Ta vare på og utvikle det gode kulturtilbodet.
- Arbeide for å vidareutvikle anlegg for idrett, kultur og friluftsliv.
- Stimulere til eit variert tilbod av frivillige lag og organisasjonar og marknadsføre desse.
- Spele på historia vår og det som er særmerkt for Bykle.
- Løfte og fremje eigne tradisjonar, og vere opne for nye.
- Satse på kulturtilbod som engasjerer kropp og sjel.
- Bykle kommune skal anerkjenne og legge til rette for ulike trus- og livsynsamfunn i ein inkluderande og mangfaldig kommune.
- Satse på kulturminne som er prioritert i kommunedelplan for kulturminne.

Dei 3 viktigaste ressursområda for å gjennomføre overordna målsettingar om ei positiv samfunnsutvikling er folketallutvikling, økonomi og arealtilgang

##### Folketall:

Folketallsutviklinga i Bykle har over ei tidslinje på 10 år vore positiv med ein auke på 25 innbyggjarar frå 01.01.2013 til 01.01.2023. Sjå graf nedanfor. Prognosene frå SSB tilseier ein vidare vekst i åra framover. Frå 1974 (483 innbyggjarar) og fram til i dag er folketallet dubla. Per 01.01.2023 var talet 995 innbyggjarar.



I økonomiplanperioden vil det vere eit sterkt fokus på vekstskapande tiltak.

# 2.

## Overordna økonomi, investeringar og prosjekt

**Bykle kommune er i dag ein kommune med eit omfattande og godt tenestetilbod til liten og stor, ung og gamal, fastbuande og tilreisande. Dei ulike kommunestyra i Bykle har i tidlegare periodar hatt eit langsiktig perspektiv over arbeidet. Det nyt ein fruktene av i dag. Økonomien til kommunen har gjort dette mogleg.**

Sjølv om det i denne økonomiplanen er store ekstrainntekter frå konsesjonskraft, er dette usikre inntekter. Den daglege drifta bør på lengre sikt endrast/reducerast. Nye investeringar må vurderast mykje strengare, og ein vert tvungen til å prioritere mykje hardare. Kva som er naudsynt å investere i, og kva er ikkje det. Det vil og medføre at dei ynskja investeringane må gjennomførast over eit lengre tidsrom enn tidlegare.

Prioriteringar av kor dei ulike tenestetilboda som skal dekke heile kommunen skal lokaliserast må bør få eit sterkare fokus. I praksis vil dette seie at det for fleire av tenestetilboda vert enten Bykle eller Hovden, ikkje begge plassar. Dublering fører til store driftskostnader. I tillegg må ein sjå på nivået på dei kommunale tenestane. Skal ein oppretthalde same tenestenivå i åra framover, må ein finne andre inntektskjelder, eller foreta prioriteringar innanfor nivået på dei ulike tenestetilboda.

I dette framlegget til budsjett og økonomiplan er det ikkje gjort framlegg om opptak av lån til finansiering av investeringar innforbi sjølvkostområda og til generelle investeringar. Dei budsjetterte tilleggssinntektane frå kraft, i tillegg til tidlegare oppsparte midler, dekkar investeringane i planperioden.

### DRIFTSKOSTNADER OG ORGANISERING

Gjennom nasjonale vedtak vert nye oppgåver lagt over på kommunane. Bykle kommune har saman med dei andre kommunane i Setesdal, gjort eit grundig arbeid, og lagt strukturar som gjer at kommunane kan møte utfordringane. Det vil bli sett på moglegheitane for ytterlegare samarbeid mellom kommunane. Dette lyt vurderast ut i frå eit økonomisk og kvalitetsmessig perspektiv, samstundes med at det er viktig å behalde lokale arbeidsplasser i kommunen. I 2016 gjorde kommunestyret vedtak om å fortsetje som eigen kommune, det såkalla 0+ alternativet - kommunestruktur. Vedtaket inneber også at ein i tillegg til å jobbe med vidare optimalisering av eiga drift, vil sjå på formålsteneleg administrativt samarbeid med andre kommunar i regionen

Bykle kommune har gjennom tid hatt eit høgt aktivitetnivå, og det er gjennomført, og vidare planlagt, store investeringar. Store investeringar krev personellressurar. Desse ressursane vert henta frå ordinær drift. Det har og vore nokre spesielle år ein har vore gjennom med pandemi, og dette har gjort seg utslag i ekstra slitasje på personell. I tillegg har ein og vore i eit generasjonsskifte og skifte i personell. Det er derfor viktig no at ambisjonsnivå for tiltak både innanfor drift og investering må være tilpassa dei ressursane vi har.

Tiltak i økonomiplanen er av den grunn lagt opp til å ferdigstille dei investeringsprosjekt ein har satt i gong

Overgang frå Setesdal IKT til Agder IKT krev og ressursar administrativt. Omlegging av datasystem og opplæring er krevjande prosessar som ein skal inn i.

Arbeidet med utarbeiding av ny samfunnsdel av kommuneplanen krev deltaking frå administrasjonen og politisk nivå. Dette arbeidet må være grundig og krev at ein sett av tid for å oppnå eit godt gjennomarbeida resultat

Utviklingsprosjektet med utgangspunkt i Hovden Badeland og Hovden idrettspark bør arbeidast vidare med. Ein må mellom anna finne ein måte å finansiere prosjektet på, då det ikkje er rom for denne prioriteringa i budsjettet.

I Hegni friluft- og aktivitetsområde er arbeidet med ein utviklingsplan for heile området i gang. Ein har i budsjett 2023 sett av midlar for å forbetre tilkomst og parkering i området, mellom anna med tanke på at brannstasjonen har utkjøring der. Tiltaket er utsett i påvente av endelig vedtak for bruk av området.

Det er behov for å sikre vassleveransen til Hovden. Bygging av nytt høgdebasseng og nytt vassverk vart starta i 2020. Dagens vassleveranse er sårbar då ein for ofte ligg på ein maksproduksjon. Den stadige utbygginga og fortettinga stiller nye krav til vassleveranser og avløpshandtering.

Det grøne skiftet er viktig også for Bykle kommune. Tilrettelegging for lading av el-bilar er påbegynt, og vert vidareført. Dette med tanke på omlegging av eigen bilpark til el-bilar og tilrettelegging for lading for eigne tilsette og besøkande i kommunen.

Arbeidet med utbygging av rv9 med gul stripe til Hovden held fram. Dette medfører moglegheit for å kombinere med gang- og sykkelveg og kulvert for skiløyper. Dette er og lagt inn som tiltak i økonomiplanen. Skal dei gjennomførast må ein kombinere når vegen blir opparbeid.

Vedlikehald av kommunale bygg og anlegg er viktig for å førebygge etterslep. Bykle kommune eig og driftar mange bygg. Gjennomførte tiltak vert rapportera i kommunen sine årsmeldingar.

Det er behov for fleire bustader for kommunalt tilsette, dette arbeidet er igangsett. Bygging av bustader vert gjennomført i samband med Bykle og Hovden vekst as. I tillegg er det igangsett bygging av etableringsbustader/ (leilighet for sal.)

Næringsareal er etterspurt, og ein arbeidar med å tilrettelegge næringsareal på Tykkås.

# 3.

## Formellt grunnlag/ overordna føringar

### Dei viktigaste måla i økonomiplanen er å:

- Vurdere dei langsiktige økonomiske konsekvensane av mål og vedtak som allereie er gjort.
- Vurdere kva for inntektsanslag ein kan leggje til grunn for den komande 4-års perioden.
- Vurdere kva for tilpasningar som er naudsynte for å halde omfanget innforbi desse rammene.
- Kartleggje konsekvensane av eventuelle endringar i funksjonsfordelinga i den offentlege sektor.
- Vurdere kva for usikkerheitsfaktorar kommunen står overfor, og kvafor strategiar ein skal leggje opp for å møte desse.
- Leggje opp til ein politisk diskusjon om hovudprioriteringane i kommunen dei neste 4 åra.
- Leggje planleggingsrammer for administrasjonen sitt arbeid med budsjettet for neste år.
- Vere retningsgjevande for arbeidet med å tilpasse verksemda til dei økonomiske rammer som står til disposisjon.
- Informere om utviklinga i kommunen sin aktivitet og økonomi, både innad i kommunen, i forhold til sentrale styresmakter, långjevande institusjonar, innbyggjarar m.fl.

Økonomiplanen er, til forskjell frå årsbudsjettet, ikkje eit løyvingsdokument, jf. kommunelova §§ 14-4 og 14-5. Vedtak i samband med økonomiplanen er ikkje bindande tilsagn om løyvingar til konkrete investerings-, eller driftstiltak. Kommunestyret avgjer sjølv når det er trong for endringar i økonomiplanen i løpet av året. Økonomiplanen har som plattform dei vedtekne planar og reglement som gjeld for kommunen. Dette er t.d. overordna føringar og overordna planar i tillegg til kommunen sine reglement og serviceerklæringar.

### 3.1 FINANSIELLE MÅLTALL

#### Det er vedteke finansielle måltall som følgjer;

1. Nøkkeltal eigenfinansiering av investeringar vert sett til minimum 20%
2. Nøkkeltal netto driftsresultat vert sett til minimum 3% av driftsinntektane
3. Nøkkeltal langsiktig gjeld vert sett til maksimum 65% av driftsinntektane
4. Nøkkeltal disposisjonsfond vert sett til minimum 15% av driftsinntektane

#### I økonomiplanen no vert måltalla slik

	2024	2025	2026	2027
Eigenfinansiering investeringar	100%	35%	22%	54%
Netto driftsresultat	5,2%	8,6%	8,2%	7,5%
Langsiktig gjeld	38,3%	53,3%	64,9%	68,2%
Disposisjonsfond	14,1%	14,7%	19,6%	23,7%


Eigenfinansiering investeringar ligg over måltal. I denne økonomiplanen er alle investeringstiltak finansierte ved bruk av egne midlar.

Netto driftsresultat er godt over måltal på 3%. Netto driftsresultat kan nyttast til finansiering av investeringar, eller settast av til seinare bruk. Netto driftsresultat gir med det ein indikasjon på kommunen sin økonomiske handlefridom. Bykle kommune har årlege driftsinntekter på rundt 38 millionar som gjeld næringsfondet. Desse midlane er underlagt spesielle reglar for bruk. Eit positivt netto driftsresultat gjer og at ein ikkje treng låne midlar for finansiering av investeringar.

Langsiktig gjeld ligg innforbi vedtekne måltall fram til år 2027. Disposisjonsfonda våre ligg under grensa på 15% i år 2024 og 2025.

# 4.

## Kommunen sin økonomiske situasjon



### Realverdiutvikling skattar og avgifter, illustrasjon

(Berekna utifrå ein deflator på 2 % pr år.

Orange linje Nominell verdi, rosa linje Realverdi.

Den økonomiske situasjonen til kommunen utviklar seg i negativ lei. Som det er illustrera i ovanforståande graf er realverdien av kommunen sine motteke og pårekna skattar og avgifter redusera med ca kr 40 mill for perioden 2013-2024. I grafen er det lagt inn ein årleg deflator på 2%. (Som illustrasjon)

Eit overordna mål som det må jobbast aktivt med er å få verdisikring/realverdiutvikling inn i dei ulike skatte- og avgiftsartane.

Inntektsanslaga for økonomiplanperioden bygger på erfaringstall frå tidlegare år, samt framlegg til statsbudsjett.

Utifrå objektive kriteriar skulle Bykle kommune ha motteke ca kr 47,5 millionar i rammetilskott frå staten for 2024. Netto rammetilskott er frå staten berekna til kr 16 mill. Gjennom utjamningsordningar i inntektssystemet vert kommunen trekt for ca kr 31,5 mill. Desse 31,4 millionar kroner nyt normalt andre kommunar godt av.

Anslag på framtidige skattar og avgifter er basera på erfaringstal og prognosar, samt regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett.

Etter kommunedirektøren si vurdering er det inntektene frå konsesjonskraft, skatteinngang, eigedomsskatt, samt storleiken på rammetilskot og aksjeutbyte frå Å Energi (tidlegare Agder Energi AS) som pr. dato er mest usikre.

Prisar på kommunale avgifter og brukerbetaling for andre kommunale tenester er tilrådd uendra for dei fleste områda. Innforbi sjølvkostområdet så ein på moglegheiten for å redusere betalinga i 2023 og heller ta inntektane seinare i sjølvkostperioden. Pris på vatn og kloakk vart redusert med ca 10%. Ein går no tilbake til 2022-pris med noko prisvekst. Prinsippet om sjølvkost er vidareført. Sjølvkostprinsippet er vidareført også for renovasjon. Her blir det ein reduksjon. Utjammingsperioden for vatn og kloakk er 15 år. Dette på grunn av store svingingar i tal på tilkopling av hytter og leiligheter. For renovasjon er utjammingsperioden 5 år.

For konkrete prisar sjå under punkt 20, kommunale avgifter, prising og tilskott for 2024.

Ca 60% av kommunen sine inntekter dei siste åra kjem frå konsesjonskraft, skatt på inntekt og formue, naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt på kraftverk og kraftlinjer. For økonomiplanperioden er det ein auke i inntekter frå konsesjonskraftsal, medan det er venta ein reduksjon i eigedomsskatten frå kraftverk og kraftlinjer.

Gjennom dei siste 25 – 30 åra er det gjennomført store investeringar i kommunen. I dei komande åra må det setjast av meir midlar og innsats inn på vedlikehald av den eigedomsmassen og dei anlegg kommunen har i dag.

Nye og endra oppgåver i lys av nye reformer vil kreve auka fokus. Ein må heile tida sjå på kva for oppgåver det er mogleg og formålsteneleg at kommunen sjølve utførar, kva for oppgåver som kan løysast via samarbeid med andre og kva for oppgåver vi må kjøpe separat.

Frigjering av midlar i samband med gjennomgang av interne og eksterne einingar må gå til næringsutvikling for å bygge opp under vidare vekst i kommunen innforbi privat sektor. I denne samanheng bør kommunen ha fokus på infrastruktur, samt medfinansiering i tiltak med størst mogeleg ringverknad for lokalsamfunnet. Ein bør unngå at for store midlar frå næringsfondet bindast opp til betaling av renter og avdrag.

Kommunen sin rekneskap for året 2022 vart gjort opp med eit netto driftsresultat på kr 46 442 975. Desse midlane vert nytta til finansiering av investeringar og overføring til fond.

I budsjettframlegget er det lagt inn auke i løn og pensjon med ei årsvirkning for 2024 på 5 %. På driftsrammene er 2023-nivå vidareført med nokre endringar. Innforbi dei einingane ein ser driftsramma har vore knapp på grunn av generell prisauke er det lagt inn auke i ramma.

Når det gjeld budsjettsituasjonen for 2023, er totalrammene innforbi gjeldande revidert budsjett i driftsrekneskapen. Gjennom året er det gjort enkeltvedtak som er dekkja inn ved budsjettrevisjon, og andre som må vurderast ved budsjettrevisjonen i desember.

Næringsfondet har ein grunnkapital på kr 20 900 000 (avrunda tal). Ved årsskifte 2022/2023 var saldoen på disponible midlar kr 74 347 000. Inkludert i denne sum er og løyvde, ikkje utbetalte næringsstilskott for året og tidlegare år.

Ved utgangen av 2022 hadde kommunen ei portefølje av aksjar, andelar og utlån på tilsaman 65 141 000. Portefølja er redusert med kr 1 367 000 frå 2021. Pensjonsmidlar er for 2022 på til saman kr 280 894 000. Dette er ei auke på kr 19 887 000 frå 2021. Dette er ført under gruppa anleggsmidlar. Realisasjonsverdien av desse aktiva vert vurderer særskilt kvart år i samband med årsoppgjeret i kommunen. Aksjeposten i Å Energi (tidl Agder Energi A/S) er bokført med kr 1,-. Pålydande verdi av desse aksjane er kr 19 848 000,-. Marknadsverdien ligg trulegvis på om lag kr 100 000 000,-

Kommunen si langsiktige gjeld var pr. 01.01.23 bokført i balansen med kr 423 071 000. Av dette utgjer kr 280 142 000 pensjonsforpliktelse som er dekkja gjennom KLP. Ordinær langsiktig gjeld var på kr 142 929 000, ein redusksjon på kr 4 070 000 i 2022. Ordinær gjeld fordelar seg på lån i Husbanken, som er lånt ut vidare til husbyggjarar kr 12 117 000, og lån til eigne bygg og anlegg kr 130 812 000.











# DEL 1 ØKONOMIPLAN 2024-2027

# 5.

## Kommunedirektøren sine kommentarar til økonomiplanen

### 5.1. INNTEKTER, KOSTNADER OG TENESTETILBOD

Hovuddelen av kommunen sine inntekter kjem frå naturressursskatt, eigedomsskatt, konsesjonsavgift og konsesjonskraft som følgje av store utbyggingar av vasskraft i kommunen. Desse inntektsartane er under press, og det er stor usikkerhet om tala i økonomiplanen. Inntektsutvalet la fram sin rapport høsten 2022 der dei mellom anna gjer framlegg om overføring av konsesjonskraftinntekter frå kommunen. Det er derfor stor usikkerheit om korleis inntektane vil utvikle seg framover, og om kommunen vil få behalde dei inntektane dei rettmessig har krav på i dag.

Skatt frå forskottspliktige og etterskottspliktige skatteytarar er i økonomiplanen innarbeidd med følgjande beløp:

År	2024	2025	2026	2027
Beløp	46 200 000	46 200 000	46 200 000	46 200 000

Naturressursskatten, som bør sjåast på som ein kommunal del av grunnrenta i kraftverka, går inn i den løpane inntektsutjammna. Inntektene frå naturressursskatten er i økonomiplanen budsjettera som følgjer:

År	2024	2025	2026	2027
Beløp	42 800 000	42 800 000	42 800 000	42 800 000

Eigedomsskatten er ein kommunal skatt. Bykle kommune skriv ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova §3c, på kraftanlegg, kraftnett, vindkraftverk og petroleumsanlegg. Inntektene frå eigedomsskatten er i økonomiplanen budsjettera som følgjer:

År	2024	2025	2026	2027
Beløp	59 700 000	59 700 000	59 700 000	59 700 000

Det er teke utgangspunkt i 2023-tal og ei vidareføring av dei rettigheitar vi har per i dag.

Konsesjonskraft vart innført for å sikre dei rørde utbyggingskommunane kraft til alminneleg forsyning til ein pris som reflektera kostnadane ved utbygging. Inntektene frå konsesjonskraftsal er i økonomiplanen budsjettera som følgjer:

År	2024	2025	2026	2027
Beløp	58 000 000	58 000 000	58 000 000	58 000 000

Inntektene frå konsesjonskraftsal byggjer på siste tilgjengelege prognoser 3 år fram frå Konsesjonskraft IKS. Ein gjer merksam på at det her er stor uvisse i inntektene på grunn av store svingingar i straumprisar, samt stor uvisse i forhold til framtidig prisleie.

Konsesjonsavgifta vart innført for å gje kommunane ein kompensasjon for generelle skadar og ulemper som følgje av kraftutbygginga. Inntekter frå konsesjonsavgifter er i økonomiplanperioden budsjettera og tilrådd bruka som følgjer:

År	2024	2025	2026	2027
Årleg innbetaling	38 400 000	38 400 000	38 400 000	38 400 000
Avsett til fond	38 400 000	38 400 000	38 400 000	38 400 000
Bruk av fond	38 400 000	38 400 000	38 400 000	38 400 000
Fordela på:				
Investeringar	2 600 000	6 000 000	3 000 000	3 000 000
Renter /avdrag	12 100 000	12 100 000	12 100 000	12 100 000
Næringsrelatera tiltak	23 700 000	19 300 000	23 300 000	23 300 000

Bruken av konsesjonsavgifter er underlagt særskilte reglar. Mellom anna gjev det ikkje rom for å nytte desse inntektene til ordinære driftsoppgåver i kommunen. Dette då bortsett frå særskilte driftsoppgåver knytta til næring. Ramma for næringsrelatera tiltak er ment å dekke drift næringsjef, tilskott landbruk og tilskott anna næring. Se pkt 5.2.

### Rammetilskott

Ut i frå kriteriane i inntektssystemet for kommunar «grønt hefte» skulle Bykle kommune mottake kr 47 543 000 i rammetilskott for 2024. Gjennom utjamningsordningar i inntektssystemet vert kommunen trekt for kr 31 509 000. Dette tilseier, at vi kan budsjettere med kr 16 034 000 i rammetilskott for 2024. Vi har i framlegget teke utgangspunkt i reglane slik dei er i dag.

År	2024	2025	2026	2027
Beløp	16 034 000	16 573 000	16 573 000	16 575 000

### Anna

Omsøkte UI-midlar( tippemidlar) er ikkje med i økonomiplanen. Desse vert inntektsført ved innbetaling og budsjettmessig disponering vart tilrådd gjort i etterkant. Dette på grunn av uvisse knytt til eventuelt utbetalingstidspunkt/innvilging av søknader. Disponering av desse midlane vert gjort ved budsjettrevisjon. Kommunen har no opparbeida eit disposisjonsfond, til bruk for utbytteberekning. Vi kan no være garantert det utbytte vi setter opp i årets budsjett, då dette vert dekket av fondet. Det vi i løpet av året får utbetalt i utbytte vert sett av på fondet for bruk neste år.

Utviklinga av samla driftsinntekter og driftsutgifter (eks. renter) er som følgjer, alle tall oppgjeve i heile 1 000 kroner: (tal frå budsjett).

År	2023 budsjett	2024	2025	2026	2027
Driftsinntekter	336 210	352 134	353 073	351 073	349 075
Driftsutgifter*	313 920	360 273	351 266	348 352	349 384
Brutto dr.res	-22 289	8 139	-1 807	-2 721	309

\* driftsutgifter inkl avskrivningar

Målet for 4 års-perioden er å fortsatt kunne tilby kvalitativt gode tenester. Kostnader og omfang heng i hop. Dersom vi skal få kostnadane merkbart ned, må vi vere viljuge til å vurdere nivå og omfang av tenestene. Overføringar i samband med næringsretta tiltak (jfr tabell 5.2 nedanfor) ligg og inne i gruppa driftsutgifter.

## 5.2. NÆRINGSARBEID, RAMMER FOR NÆRINGSRETTA TILTAK

Rammer for næringsretta tiltak, drift, er i perioden tilrådd sett av som følgjer:

Alle tall i heile 1 000 kroner.

Område	2024	2025	2026	2027
a) Ramme næringsutvikling	23 700	19 300	23 300	23 300
b) Destinasjon Hovden	2 333	2 333	2 333	2 333
c) Løypekøyring	4 288	4 288	4 288	4 288
Hovden Skigymnas AS	7 500	7 500	7 500	7 500
Setesdal Regionråd	1 300	1 300	1 300	1 300
Sum Næringsføremål	8 279	3 879	7 879	7 879

a) Inkludert i ramma ligg drift næringskontor, kontingentar interesseorganisasjonar som t.d. LVK, tilskott til jordbruk, skogbruk og generell næringsutvikling.

b) Vertskapsfunksjon via Destinasjon Hovden AS.

c) Kjøp tenester Hovden Løypekjøring AS.

### **Kommunedirektøren tilrår at det også i den komande 4 års perioden vert sett fokus på følgjande hovudområde:**

- Vidare tilpassing av driftsnivå til pårekelege framtidige driftsinntekter, inkludert gjennomføring av nye sentralt pålagte oppgåver.
- Vedlikehald og komplettering av kommunal infrastruktur/bygg, samt næringsutvikling. Kommunestyret har gjennom tidlegare vedtak lagt grunnlaget for ei slik satsing, og samfunnsdelen i kommuneplanen gjev dei overordna føringane for dette arbeidet.
- Kommunen treng tilførsel av nye arbeidsplassar for å oppretthalde målsetjinga i kommuneplanen om vidare vekst. Hovudnæringa i kommunen er reiseliv. Grunnlaget for vidare vekst innforbi denne næringa er god. Ein ser og behov for auka tilrettelegging for å etablere nye industriar og eit breiare tilbod av arbeidsplassar.

I økonomiplanen er det for åra 2024-2027 sett av kr 89 600 000,- til næringsretta tiltak, utanom investeringar og finanskostnader på kr 63 000 000,-. Inntektane frå konsesjonsavgiftane er øremerka næringstiltak, anten via driftsrekneskapen som i tabellen over, eller til infrastrukturtiltak/bygg og anlegg via investeringsrekneskapen.

### **5.3. TILTAK I ØKONOMIPLANEN**

Hovudtrekka i tiltakspakka som er prioritert i økonomiplanen tek utgangspunkt i følgjande forhold:

- gjeldande kommuneplan
- gjeldande økonomiplan
- gjeldande enkeltvedtak
- statlege pålegg
- ferdigstilling av anlegg og tiltak som er påbyrja
- verdisikrande tiltak, vedlikehald
- kostnadsreducerande tiltak
- inntektsgjevande tiltak
- miljøtiltak

Einingane sine driftstiltak som vert finansert ved bruk av tidlegare løyvd midlar (m.a. overført mindreforbruk) er også nemnd som tiltak. Desse er spesifisert i oppstillinga. I tillegg er dei tiltaka som krev løyving av nye midlar lagt inn.

### **5.4. KONKLUSJON/OPPSUMMERING**

Framlegget til økonomiplan legg dei ytre rammene for drift og investeringar, samt synleggjer utfordringar og nye oppgåver som kommunen står overfor og som må løysast i åra som kjem.

Viktige strategiske val innafor dei ulike tenestemråda må gjerast.

Vedtekne investeringsprosjekt vert gjennomført før ein går inn på nye tiltak.

Spesifikasjon av tilrådde løyvingar av prioritert tiltak i tillegg til grunnramme med kommentarar følgjer under hovedpkt.

7. I det påfølgjande følgjer hovudoversyn og oppstillingar som syner den økonomiske utviklinga i økonomiplanperioden.

Det er ikkje gjort justeringar for prisvekst, slik at det er nytta 2024-tall i alle åra i økonomiplanen.

# 6. Økonomiplan, løyvingsoversikt investering

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2022	Regulert budsjett 2023	Økonomi-plan 2024	Økonomi-plan 2025	Økonomi-plan 2026	Økonomi-plan 2027
<b>Investeringsutgifter</b>						
Investeringar i varige driftsmidler	28 039	112 688	28 350	80 750	50 625	21 250
Tilskudd til andres investeringar	0	0	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andelar i selskaper	519	600	600	600	600	600
Utlån av egne midlar	0	1 000	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>28 559</b>	<b>114 288</b>	<b>28 950</b>	<b>81 350</b>	<b>51 225</b>	<b>21 850</b>
<b>Investeringsinntekter</b>						
Kompensasjon for merverdiavgift	-1 093	-4 638	-3 850	-750	-125	-250
Tilskudd frå andre	-2 615	0	0	0	0	0
Sal av varige driftsmidler	-4 178	0	-2 150	0	0	0
Sal av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskaper	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midlar	-1 350	-250	-300	0	0	0
Bruk av lån	0	0	0	-53 000	-40 000	-10 000
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>-9 236</b>	<b>-4 888</b>	<b>-6 300</b>	<b>-53 750</b>	<b>-40 125</b>	<b>-10 250</b>



### Vidareutlån

Vidareutlån	5 764	0	0	0	0	0
Bruk av lån til vidareutlån	-5 764	-1 000	0	0	0	0
Avdrag på lån til vidareutlån	474	250	300	0	0	0
Mottatte avdrag på vidareutlån	-271	0	0	0	0	0
<b>Netto utgifter vidareutlån</b>	<b>203</b>	<b>-750</b>	<b>300</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### Overføring frå drift og netto avsetningar

Overføring frå drift	-23 326	-108 650	-22 950	-27 600	-11 100	-11 600
Netto avsetningar til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av ubundet investeringsfond	3 800	0	0	0	0	0
Dekning av tidligare års udekket beløp	0	0	0	0	0	0
<b>Sum overføring frå drift og netto avsetningar</b>	<b>-19 526</b>	<b>-108 650</b>	<b>-22 950</b>	<b>-27 600</b>	<b>-11 100</b>	<b>-11 600</b>

**Framført til inndecking i seinare år (udekket beløp)**      **0**      **0**      **0**      **0**      **0**      **0**

### Overføring til fordeling (§5-5, andre ledd)

Inntekter til fordeling	0	0	0	0	0	0
Utgifter til fordeling	28 559	114 288	28 950	81 350	51 225	21 850
<b>Sum til fordeling (netto)</b>	<b>28 559</b>	<b>114 288</b>	<b>28 950</b>	<b>81 350</b>	<b>51 225</b>	<b>21 850</b>

# 7.

## Løyvingsoversikt, investering til fordeling

Tal i tabell er bruttotal inkl mvakomp

Tall i 1000 kroner		Rekneskap 2022	Regulert budsjett 2023	Økonomi- plan 2024	Økonomi- plan 2025	Økonomi- plan 2026	Økonomi- plan 2027
<b>Fra løyvingsoversikt</b>							
Netto investeringer til fordeling:		28 559	114 288	28 950	81 350	51 225	21 850
<b>Prosjekt</b>	<b>Fordeling på prosjekt</b>						
210	Utlån - investeringsregnskap	0	1 000	0	0	0	0
2202	Dagsturhytte	1 267	0	0	0	0	0
2203	Næringsareal Tykkås	0	3 500	0	0	0	0
2204	Lager Hovden	50	6 250	0	0	0	0
2205	Ladestasjon komm.bygg	104	500	0	0	0	0
2206	Parkering vei Hegni	0	3 750	0	0	0	0
2208	Undergang skiløype	0	6 250	0	0	0	0
2210	Komm bustad	0	17 600	5 600	0	0	0
2212	tykkås oppgrad	0	400	0	0	0	0
2230	Etabl Vaskeri	0	2 750	0	0	0	0
2302	Opprusting bygg Hovden langrennsaren	0	0	1 250	0	0	0
2304	Leie for eie oppstart 2023	0	34 000	0	0	0	0
2309	Flomtiltak	0	200	0	0	0	0
240	KLp egenkapitaltilskudd	631	600	600	600	600	600
2401	Garage rådhus	0	0	813	0	0	0
2402	Røykebu	0	0	313	0	0	0
2403	lekeplass barnehage	0	0	1 250	0	0	0
2404	bibliotekhyller	0	0	625	0	0	0
249	Utbyggingsavtaler	0	625	625	1 250	625	1 250
2501	Lyd Lys oppgrad Grendehus	0	0	750	0	0	0
2502	Uteaktiviteter Bykle skule	0	0	188	0	0	0
2503	Grillbod Bykle skule	0	0	188	0	0	0
2504	ventilasjon H.Grendehus	0	0	0	1 875	0	0
2505	Skilting bygg på og til	0	0	0	625	0	0
2506	sandvolleybane Bykle skule	0	0	250	0	0	0

2507	Flerbrukshall Bykle	0	0	0	10 000	10 000	0
2508	Industribygg Bykle	0	0	0	10 000	0	0
2509	Stedsutvikling Bykle	0	0	0	3 000	10 000	10 000
2510	Industriareal Hovden	0	0	0	5 000	5 000	0
2511	Sentrumsbygg Bykle	0	0	0	15 000	15 000	0
2512	Hegni	0	0	0	10 000	0	0
416	Utskifting utstyr	1 021	625	2 500	0	0	0
448	Habilitering Hovden	1 208	0	0	0	0	0
450	Flyktninger	-18	0	0	0	0	0
502	Hovdenuten-prosj	1 433	4 275	0	0	0	0
555	Hovedplan VA	387	5 000	8 500	16 000	10 000	10 000
5561	VA Ny PSP Otros-Hegni	1 468	0	0	0	0	0
5562	Va rehab nedre Sarv	94	0	0	0	0	0
5563	VA Ny VL Fjellg barnehage	1 737	0	0	0	0	0
581	Nye avfallsboder	0	600	0	0	0	0
591	Hovden vannverk	18 246	16 800	0	0	0	0
641	Leikeplasser	0	1 250	0	0	0	0
648	Hovden sentrum utvikl	0	0	5 500	0	0	0
6509	Ungdomsarrangement	308	0	0	0	0	0
673	Hovden aktivitetspark ( idrettsbanen)	0	1 438	0	0	0	0
773	Trafikksikring	606	2 500	0	0	0	0
811	Bustadfelt Hovden	0	0	0	8 000	0	0
941	Sarvsdammen	0	625	0	0	0	0
942	Garage	0	3 750	0	0	0	0
	<b>Sum fordelt</b>	<b>28 559</b>	<b>114 288</b>	<b>28 950</b>	<b>81 350</b>	<b>51 225</b>	<b>21 850</b>

**TILRÅDD BUDSJETTRAMME FOR INVESTERING I 2024 ER SOM FØLGJER: ALLE TAL HER ER BRUTTOTAL**

<b>2210 Kommunale bustader</b>	kr 5 600 000
Videreført frå 2023. Bustader blir bygd i røyrvikåsen på Hovden. Samarbeid med Bykle og Hovden vekst As. Planlagt ferdig i 2024. Avsatt i økonomiplan 23-26.	
<b>2302 Opprusting bygg Hovden langrennsarena</b>	kr 1 250 000
Midler avsatt i økonomiplanen til opprusting ved langrennsarenaen i samband med NM 2025	
<b>240 Egenkapitaltilskudd KLP</b>	kr 600 000
<b>2401 Garage/lading rådhus</b>	kr 812 500
Garage og ladepunkt for kommunale bilar ved rådhuset	
<b>2402 Røykebu</b>	kr 312 500
Røykebu for bebuarar ved Bykle aldersheim	
<b>2403 Leikeplass/uteområde Fjellgardane barnehage</b>	kr 1 250 000
Vedlikehald av leikeapparat og uteområde ved barnehagen	
<b>2404 Bibliotekhyller</b>	kr 625 000
Bytte av bibliotekhyller Hovden grendehus	
<b>249 Utbyggingsavtaler</b>	kr 625 000
Opprusting av stiar og løyper, klopper mm	
<b>416 Utskifting utstyr</b>	kr 2 500 000
Utskifting av utstyr, maskinar, bilar	
<b>555 Hovedplan VA</b>	kr 8 500 000
Det er stort behov for oppgradering av ledningsnett VA, nye pumpestasjoner oa. Jfr hovedplan for VA. Arbeidet er igangsatt og vil gå over flere år. Vatn og avløp ligg innforbi sjølvkostområdet. Total VA-plan inneheld tiltak på rundt kr 100 000 000. Ligg inne med ulike beløp i heile økonomiplanperioden.	
<b>648 Hovden sentrum</b>	kr 5 500 000
Planlegging og gjennomføring tiltak Hovden sentrum, inkl trafikksikring	
<b>2501 Lys og lys Hovden Grendehuskr</b>	kr 750 000
<b>2502 Uteaktiviteter ved Bykle skule</b>	kr 187 500
<b>2503 Grillbod ved Bykle skule</b>	kr 187 500
<b>2506 Sandvolleybane ved Bykle skule</b>	kr 250 000
<b>Sum tiltak brutto investeringsbudsjett år 2024</b>	<b>kr 28 950 000</b>

**ANDRE TILRÅDDE TILTAK I ØKONOMIPLANPERIODEN ER:**

<b>240 egenkapitaltilskott KLP</b>	kr 1 800 000
Fordelt over tre år, årleg kr 600 000	
<b>249 Løyper sommar og vinter</b>	kr 3 150 000
Fordelt over 3 år, investeringar i løyper, bruer, klopper og liknande	
<b>555 Hovedplan Vann og Avløp</b>	kr 36 000 000
Fordelt over tre år, vidare arbeid med hovedplan VA	
<b>811 Bustadfelt Hovden</b>	kr 8 000 000
Starte med tilrettelegging av bustadfelt slik at ein ikkje kjem i mangel på tomter	
<b>2504 Ventilasjon Hovden Grendehus</b>	kr 1 875 000
<b>2505 Skilting kommunale bygg (på bygg og til)</b>	kr 625 000
<b>2507 Flerbrukshall Bykle 2025-2026</b>	kr 20 000 000
<b>2508 Industribygg Bykle</b>	kr 10 000 000
<b>2509 Stedsutvikling Bykle 2025-2027</b>	kr 23 000 000
<b>2510 Industriareal Hovden 2025-2026</b>	kr 10 000 000
<b>2511 Sentrumsbygg Bykle 2025-2026</b>	kr 30 000 000
<b>2512 Hegni</b>	kr 10 000 000
<b>Samla tiltak i økonomiplanperioden år 2025-2027</b>	<b>kr 154 425 000</b>



### Upprioritera tiltak langtidsplan/utbyggingsavtaler

Det er fleire tiltak som har vore oppe til diskusjon, men som ikkje er teke inn i økonomiplanen. Det er heller ikkje satt kostnadsanslag på tiltaka. Ein ser at det er trong for å komme ajour med dei tiltaka ein allereie har vedteke og igangsett før ein vedtek nye tiltak. Dette gjeld mellom anna dei tiltak som er satt opp som tiltak for deking via utbyggingsavtaler.

Utbyggingsavtaler tiltak Hovden, komm andel		17 290 000
Bru ved høgfjellsenter		3 120 000
Rundkjøring Breivevegen		3 120 000
Dagsparkering hotellkryss		650 000
RV9 kryssing		520 000
Hovden Torg (Hovden sentrum)		520 000
Aktivitetsparken		7 800 000
Sherpasti	2023	1 560 000

Utbyggingsavtaler tiltak Midregionen, komm andel		7 956 000
Bru Ørnefjell		2 366 000
Kulvert Nordlivegen		2 600 000
Badstogdalen - Nordli, gangveg		1 040 000
Geiskeliåni		910 000
Dagsparkering Vidsyn		1 040 000

# 8.

## Økonomiplan Bykle kommune, drift 2024–2027

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2022	Regulert budsjett 2023	Økonomi- plan 2024	Økonomi- plan 2025	Økonomi- plan 2026	Økonomi- plan 2027
<b>Driftsinntekter</b>						
Rammetilskudd	-8 999	0	-16 034	-16 573	-16 573	-16 575
Innteks- og formuesskatt	-47 451	-37 189	-46 200	-46 200	-46 200	-46 200
Eigedomsskatt	-48 836	-49 000	-59 700	-59 700	-59 700	-59 700
Andre skatteinntekter	-81 211	-76 358	-81 200	-81 200	-81 200	-81 200
Andre overføringer og tilskudd frå staten	-7 330	-2 000	-8 400	-8 400	-6 400	-4 400
Overføringer og tilskudd fra andre	-97 596	-124 536	-84 023	-84 023	-84 023	-84 023
Brukarbetalingar	-4 732	-3 633	-2 783	-3 183	-3 183	-3 183
Sals- og leigeinntekter	-51 271	-43 495	-53 795	-53 795	-53 795	-53 795
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-347 426</b>	<b>-336 210</b>	<b>-352 134</b>	<b>-353 073</b>	<b>-351 073</b>	<b>-349 075</b>
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønnsutgifter	127 327	132 974	156 314	156 014	156 014	156 014
Sosiale utgifter	33 481	39 825	44 554	44 554	44 554	44 554
Kjøp av varer og tenester	94 524	98 081	103 179	99 437	97 023	98 055
Overføringer og tilskudd til andre	43 221	22 404	30 227	25 262	24 762	24 762
Avskrivningsr	25 990	20 637	26 000	26 000	26 000	26 000
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>324 542</b>	<b>313 921</b>	<b>360 273</b>	<b>351 266</b>	<b>348 352</b>	<b>349 384</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-22 884</b>	<b>-22 290</b>	<b>8 139</b>	<b>-1 807</b>	<b>-2 721</b>	<b>309</b>



### Finansinntekter/Finansutgifter

Renteinntekter	-6 818	-2 747	-7 606	-7 606	-7 606	-7 606
Utbytter	-5 537	-11 913	-8 430	-8 430	-4 000	-4 000
Gvinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	3 299	4 834	5 691	4 950	4 362	3 983
Avdrag på lån	9 476	9 998	10 029	8 547	7 048	7 063
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>420</b>	<b>172</b>	<b>-316</b>	<b>-2 539</b>	<b>-196</b>	<b>-560</b>

Motpost avskrivningar	-25 990	-20 637	-26 000	-26 000	-26 000	-26 000
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-48 454</b>	<b>-42 755</b>	<b>-18 177</b>	<b>-30 346</b>	<b>-28 917</b>	<b>-26 251</b>

### Disponering eller dekning av netto driftsresultat:

Overføring til investering	23 326	108 650	22 950	27 600	11 100	11 600
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	26 603	-39 690	-3 995	700	700	700
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-1 448	-26 205	-778	2 046	17 117	13 951
Dekning av tidligare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0
<b>Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>48 481</b>	<b>42 755</b>	<b>18 177</b>	<b>30 346</b>	<b>28 917</b>	<b>26 251</b>

<b>Fremført til inndecking i senere år (merforbruk)</b>	<b>27</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
---	-----------	----------	----------	----------	----------	----------

# 9.

## Detaljere tiltaksoversyn drift, 2024-2027

### Driftsbudsjettet for år 2024 bygger på ramma for 2023

Unyttta beløp for tiltak løyvd i 2023 vert ikkje ført vidare før etter rekneskapsavslutning for 2023.

Dei tiltak som er tatt med, er dei som er sett opp i økonomiplanen for år 2024-2026 samt dei nye tiltaka.

### ANDRE TILRÅDDE TILTAK I ØKONOMIPLANPERIODEN ER:

Del av stilling kulturskulane i samband med Unesco-prosjektet, 3 årleg	kr 400 000
Vedlikehald rådhus(maling 1 etg inne) år 2024	kr 500 000
Tilskott BIL forprosjekt kr 500 000 i 2023,bygg i 2024	kr 3 500 000
Desentralisert utdanning med	kr 200 000
Led-lys i bygg	kr 1 000 000
Brynjeprosjektet	kr 1 500 000
Vaskeri	kr 750 000
Asfaltering kommunale bustadfelt 2024	kr 1 850 000
Øuka ramme drift teknisk drift og eigedom	kr 3 500 000
Tiltak under teknisk drift og eigedom for 2024 Leskur ved kunstgressbanen på Hovden, Risikoanalyse legionella og påfølgende tiltak, Lydisolering Hovden helsehus, Oppgradere alarmsendarar til 5G, Innbruddsalarm avdeling pleie og omsorg, Oppussing (maling ol) Bykle skule inne	kr 2 340 000
Tilskott NM 2025	kr 1 865 000
Planlegging stadsutvikling Bykle	kr 1 000 000
Utarbeiding hovedplan veg	kr 500 000
Planlegging industribygg	kr 500 000
Auka driftsramme barnehage	kr 850 000
Auka driftsramme pleie og omsorg	kr 1 150 000
Auka driftsramme helse	kr 200 000
Auka driftsramme folkehelsearbeid	kr 300 000
Auka driftsramme skolefaglig	kr 150 000
Fast ramme årlig trafikksikkerhetsmidlar	kr 500 000
Opplæring kursing politikere, satt av ramme på	kr 150 000
Auka ramme kulturmidlar	kr 250 000

**For år 2025 i tillegg:**

Led-lys idrettsplass	kr 1 000 000
Lydteetting rådhus	kr 500 000
Led Lys i bygg, vidareføring	kr 1 000 000
Sum år 2024	kr 22 955 000
Sum år 2025	kr 12 000 000
Sum år 2026	kr 9 500 000
Sum år 2027	kr 8 950 000

For utfyllande opplysningar for år 2024, sjå pkt 18.2 driftsbudsjett

## LØYVINGSOVERSIKT-DRIFT, ØKONOMIPLAN

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2022	Regulert budsjett 2023	Økonomi- plan 2024	Økonomi- plan 2025	Økonomi- plan 2026	Økonomi- plan 2027
<b>Generelle driftsinntekter</b>						
Rammetilskot	-8 999	0	-16 034	-16 573	-16 573	-16 575
Inntekts- og formuesskatt	-47 451	-37 189	-46 200	-46 200	-46 200	-46 200
Eigendomsskatt	-48 836	-49 000	-59 700	-59 700	-59 700	-59 700
Andre generelle driftsinntekter	-84 774	-76 358	-81 200	-81 200	-81 200	-81 200
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-190 060</b>	<b>-162 547</b>	<b>-203 134</b>	<b>-203 673</b>	<b>-203 673</b>	<b>-203 675</b>
<b>Netto driftsutgifter</b>						
Sum løyvinger drift, netto	141 280	119 620	185 273	175 866	174 952	177 984
Avskrivningar	25 990	20 637	26 000	26 000	26 000	26 000
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>167 270</b>	<b>140 257</b>	<b>211 273</b>	<b>201 866</b>	<b>200 952</b>	<b>203 984</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-22 790</b>	<b>-22 290</b>	<b>8 139</b>	<b>-1 807</b>	<b>-2 721</b>	<b>309</b>

### Finansinntekter/Finansutgifter

Renteinntekter	-6 755	-2 747	-7 606	-7 606	-7 606	-7 606
Utbytte	-5 537	-11 913	-8 430	-8 430	-4 000	-4 000
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	3 264	4 834	5 691	4 950	4 362	3 983
Avdrag på lån	9 354	9 998	10 029	8 547	7 048	7 063
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>326</b>	<b>172</b>	<b>-316</b>	<b>-2 539</b>	<b>-196</b>	<b>-560</b>
Motpost avskrivningar	-25 990	-20 637	-26 000	-26 000	-26 000	-26 000
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-48 454</b>	<b>-42 755</b>	<b>-18 177</b>	<b>-30 346</b>	<b>-28 917</b>	<b>-26 251</b>

### Disponering eller dekning av netto driftsresultat

Overføring til investering	23 326	108 650	22 950	27 600	11 100	11 600
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	26 603	-39 690	-3 995	700	700	700
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-1 448	-26 205	-778	2 046	17 117	13 951
Dekning av tidligare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0
<b>Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>48 481</b>	<b>42 755</b>	<b>18 177</b>	<b>30 346</b>	<b>28 917</b>	<b>26 251</b>
<b>Framført til inndekning i seinare år (merforbruk).</b>	<b>27</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

#### 5-4. LØYVINGSOVERSIKT DRIFT, ØKONOMIPLAN TIL FORDELING PR. EINING

Tall i 1000 kroner Fra Løyvingsoversikt:		Rekneskap 2022	Regulert budsjett 2023	Økonomi- plan 2024	Økonomi- plan 2025	Økonomi- plan 2026	Økonomi- plan 2027
<b>Til fordeling drift</b>		<b>141 280</b>	<b>119 620</b>	<b>185 273</b>	<b>175 866</b>	<b>174 952</b>	<b>177 984</b>
<b>Eining/ ansvar</b>	<b>Netto driftsutgifter pr. eining</b>						
100	Eining Kommunedirektøren	17 509	28 913	30 479	29 479	31 479	33 479
101	Eining skatt,avgift,finansinntekt	-48 322	-103 100	-58 020	-58 020	-58 020	-58 020
102	Eining fond, interne overføringer	2 592	0	0	0	0	0
103	Eining Politisk styre,råd,utvalg	4 755	5 274	6 374	5 924	5 924	5 924
104	RM stab Personal	2 531	6 891	7 099	7 099	7 099	7 099
106	RM stab Næring	27 106	22 991	24 219	24 219	24 219	24 219
107	RM stab Plan	7 329	8 581	11 604	10 604	10 604	10 604
108	RM stab Kommunikasjon	7 064	11 361	11 233	11 233	11 233	11 233
110	Eining Pleie- og omsorgsteneste	33 371	36 359	40 348	40 348	40 348	40 348
121	Helsetenesta i Bykle og Valle	15 490	14 089	17 749	17 749	17 749	17 749
130	Eining Teknisk drift og eigedom	44 459	50 705	55 119	49 562	46 649	47 681
131	Sjølvkost inkl TDE	-19 053	-15 301	-24 922	-24 922	-24 922	-24 922
150	Eining Kultur og fritid	11 516	14 093	14 994	14 994	14 994	14 994
160	Eining Bykle barne- og ungdomsskule	14 559	16 227	21 266	20 666	20 666	20 666
170	Eining Barnehage	10 321	11 406	14 210	13 410	13 410	13 410
180	Eining Fjellgardane skule	10 053	11 133	13 520	13 520	13 520	13 520
<b>Netto for alle einingane</b>		<b>141 280</b>	<b>119 620</b>	<b>185 273</b>	<b>175 866</b>	<b>174 952</b>	<b>177 984</b>

# 10.

## Oversyn over utvikling i skattar og avgifter

Alle tall i heile 1000 kr

År	Kons.avg	Kons.kraft	F+I+N skatt	E-skatt	Sum
2027*	38 400	58 000	89 000	59 700	245 100
2026*	38 400	58 000	89 000	59 700	245 100
2025*	38 400	58 000	89 000	59 700	245 100
2024*	38 400	58 000	89 000	59 700	245 100
2023*	36 458	103 000	77 089	49 000	265 547
2022	38 335	45 100	90 326	48 835	222 596
2021	38 274	23 600	84 386	53 110	199 370
2020	38 274	(1) 43 244	76 581	51 593	209 692
2019	36 458	19 570	84 300	45 619	185 947
2018	33 454	13 013	79 195	44 022	169 673
2017	34 015	13 200	71 358	44 076	162 649
2016	33 965	13 201	69 604	48 053	164 823
2015	33 965	15 011	67 629	50 249	166 854
2014	32 838	18 587	67 139	48 556	167 120
2013	31 600	23 040	66 899	47 590	169 129
2012	31 137	20 123	63 928	43 288	158 476
2011	31 093	16 836	61 966	39 987	149 882
2010	31 371	16 324	62 290	39 383	149 368
2009	29 764	26 000	58 019	38 451	152 234
2008	29 907	23 400	58 619	38 996	150 922
2007	26 772	25 976	60 113	38 435	151 296
2006	26741	13 774	59 874	33 199	133 588

(1) Oppgjør SiraKvina,ny fordeling

\* Tall frå oppr.budsjett og økonomiplan.

Kons.avg.

Kons.kraft

F+I+N skatt

E-skatt

”

Så ven en fugle eg heldt i håndi  
eg sat å lyddi på fuglesongji.  
Han song om kjærleik, om von og tru  
så kom der en stormvind å tok han ut.

”







# DEL 2 BUDSJETT 2024

# 11.

## Oversyn over fondskonti

Alle tall i heile 1000 kr	Saldo 01.01.23	Budsjettert bruk 2023 netttotal	Berekna saldo 31.12.23	Budsjettert bruk 2024
<b>Bundne driftsfond</b>	<b>136 766</b>		<b>97 618</b>	<b>31 500</b>
herav				
-bundet grunnkapital næringsfondet	20 900		20 900	
-næringsfondet	76 756	22 320	54 436	23 000
-Bjørågåva	47		47	
-Fiskefondet	174		174	
-øvrige bundne fond	38 899	8 520	30 379	3 195
<b>Ubundne investeringsfond</b>	<b>30 948</b>	<b>29 800</b>	<b>1 148</b>	
<b>Disposisjonsfond</b>	<b>137 583</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2 400</b>
Herav driftsreguleringsfondet	103 039	26 651	76 388	2 400

Tall før budsjettrevisjon

**NÆRINGSFONDET:**

Følgende tiltak vert finansiert ved bruk av næringsfondet

Område	År 2024
Destinasjon Hovden AS	2 333 474
Hovden Løypekjøring AS	4 288 000
Hovden Skigymnas AS	7 500 000
Setesdal interkommunale politiske råd	1 300 000
Ramme generelt næringsarbeid inkl drift næringskontor	8 278 526
Renter og avdrag	2 600 000
Dekning investeringer	12 100 000
<b>Sum næringsretta tiltak finansiert av næringsfondet</b>	<b>38 400 000</b>

# 12.

## Løyvingsoversikt – investering

Tall i 1 kroner	Budsjett 2024	Budsjett 2023	Rekneskap 2022
<b>Investeringsutgifter</b>			
Investeringar i varige driftsmidlar	28 350 000	102 437 500	28 039 122
Tilskot til andres investeringer	0	0	0
Investeringar i aksjer og andelar i selskap	600 000	600 000	519 407
Utlån av egne midler	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>28 950 000</b>	<b>103 037 500</b>	<b>28 558 529</b>
<b>Investeringsinntekter</b>			
Kompensasjon for meirverdiavgift	-2 850 000	-4 637 500	-1 092 864
Tilskot frå andre	0	0	-2 614 861
Sal av varige driftsmidlar	-2 150 000	0	-4 178 211
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	0
Utdeling frå selskaper	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-300 000	0	-1 349 995
Bruk av lån	0	0	0
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>-5 300 000</b>	<b>-4 637 500</b>	<b>-9 235 931</b>

### Vidareutlån

Vidareutlån	0	1 000 000	5 764 197
Bruk av lån til vidareutlån	0	-1 000 000	-5 764 197
Avdrag på lån til vidareutlån	300 000	250 000	474 380
Mottatte avdrag på vidareutlån	-300 000	-250 000	-271 197
<b>Netto utgifter vidareutlån</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>203 183</b>

### Overføring fra drift og netto avsetninger

Overføring fra drift	-23 950 000	-98 400 000	-23 325 781
Netto avsetningar til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av ubundet investeringsfond	0	0	3 800 000
Dekning av tidligare års udekt beløp	0	0	0
<b>Sum overføring fra drift og netto avsetninger</b>	<b>-23 950 000</b>	<b>-98 400 000</b>	<b>-19 525 781</b>

Fremført til inndecking i seinare år (udekt beløp)

0 0 0

### Overføring til fordeling (§5-5, andre ledd)

Inntekter til fordeling	0	0	0
Utgifter til fordeling	28 950 000	104 037 500	28 558 529
<b>Sum til fordeling (netto)</b>	<b>28 950 000</b>	<b>104 037 500</b>	<b>28 558 529</b>

# 13.

## Løyvingsoversikt – investering

Tall i 1 kroner		Budsjett 2024	Budsjett 2023	Rekneskap 2022
<b>Fra løyvingsoversikt:</b>				
<b>Netto investeringer til fordeling:</b>		<b>28 950 000</b>	<b>104 037 500</b>	<b>28 558 529</b>
Prosjekt	Fordeling på prosjekt			
210	Utlån - investeringsregnskap	0	1 000 000	0
2202	Dagsturhytte	0	0	1 267 174
2203	Næringsareal Tykkås	0	3 500 000	0
2204	Lager Hovden	0	6 250 000	50 214
2205	Ladestasjon komm.bygg	0	500 000	104 438
2206	Parkering vei Hegni	0	3 750 000	0
2208	Undergang skiløype	0	6 250 000	0
2210	Komm bustad	5 600 000	17 600 000	0
2212	tykkås oppgrad	0	400 000	0
2302	Opprusting bygg Hovden langrennsaren	1 250 000	0	0
2304	Leie for eie oppstart 2023	0	34 000 000	0
240	KLp eigenkapitalinnskott	600 000	600 000	630 558
2401	Garage rådhus	812 500	0	0
2402	Røykebu	312 500	0	0
2403	lekeplass barnehage	1 250 000	0	0
2404	bibliotekhyller	625 000	0	0



249	Utbyggingsavtaler	625 000	625 000	0
2501	Lyd Lys oppgrad Grendehus	750 000	0	0
2502	Uteaktiviteter Bykle skule	187 500	0	0
2503	Grillbod Bykle skule	187 500	0	0
2506	sandvolleybane Bykle skule	250 000	0	0
416	Utskifting utstyr	2 500 000	625 000	1 020 748
448	Habilitering Hovden	0	0	1 207 618
450	Flyktninger	0	0	-17 515
502	Hovdenuten-prosj	0	4 275 000	1 432 704
555	Hovedplan VA	8 500 000	5 000 000	387 118
5561	VA Ny PSP Otros-Hegni	0	0	1 467 804
5562	Va rehab nedre Sarv	0	0	93 586
5563	VA Ny VL Fjellg barnehage	0	0	1 736 759
581	Nye avfallsboder	0	600 000	0
591	Hovden vannverk	0	12 000 000	18 246 229
641	Leikeplasser	0	1 250 000	0
648	Hovden sentrum utvikl	5 500 000	0	0
6509	Ungdomsarrangement	0	0	307 875
673	Hovden aktivitetspark ( idrettsbanen)	0	1 437 500	0
773	Trafikksikring	0	0	605 704
941	Sarvsdammen	0	625 000	0
942	Garage	0	3 750 000	0
<b>Sum fordelt</b>		<b>28 950 000</b>	<b>104 037 500</b>	<b>28 558 529</b>

# 14.

## Økonomisk oversyn etter art – drift

Tall i 1 kroner	Budsjett 2024	Budsjett 2023	Rekneskap 2022
<b>Driftsinntekter</b>			
Rammetilskot	-16 034 000	0	-8 999 013
Inntekts- og formuesskatt	-46 200 000	-37 189 000	-47 450 656
Eigedomsskatt	-59 700 000	-49 000 000	-48 835 821
Andre skatteinntekter	-81 200 000	-76 358 000	-81 211 310
Andre overføringer og tilskot fra staten	-8 400 000	-2 000 000	-7 330 081
Overføringer og tilskot fra andre	-84 022 619	-124 536 312	-97 596 250
Brukerbetalinger	-2 782 500	-3 632 500	-4 731 709
Salgs- og leieinntekter	-53 794 800	-43 494 500	-51 271 204
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-352 133 919</b>	<b>-336 210 312</b>	<b>-347 426 044</b>
<b>Driftsutgifter</b>			
Lønsutgifter	156 313 834	132 973 823	127 326 925
Sosiale utgifter	44 553 578	39 825 062	33 480 756
Kjøp av varer og tenester	103 178 704	96 230 772	94 523 625
Overføringer og tilskot til andre	30 226 526	22 404 000	43 221 021
Avskrivningar	26 000 000	20 637 000	25 989 901
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>360 272 642</b>	<b>312 070 657</b>	<b>324 542 228</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>8 138 723</b>	<b>-24 139 655</b>	<b>-22 883 816</b>

**Finansinntekter/Finansutgifter**

Renteinntekter	-7 606 000	-2 747 000	-6 817 505
Utbytter	-8 430 000	-11 913 000	-5 537 398
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0
Renteutgifter	5 691 000	4 834 000	3 298 992
Avdrag på lån	10 029 000	9 998 000	9 476 015
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>-316 000</b>	<b>172 000</b>	<b>420 104</b>

Motpost avskrivningar	-26 000 000	-20 637 000	-25 989 901
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-18 177 277</b>	<b>-44 604 655</b>	<b>-48 453 613</b>

**Disponering eller dekning av netto driftsresultat:**

Overføring til investering	23 950 000	98 400 000	23 325 781
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	-3 995 000	-30 840 000	26 603 057
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-1 777 723	-22 955 345	-1 448 183
Dekning av tidlegare års merforbruk	0	0	0
<b>Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>18 177 277</b>	<b>44 604 655</b>	<b>48 480 655</b>

<b>Fremført til inndecking i seinare år (meirforbruk)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>27 042</b>
---	----------	----------	---------------

# 15.

## Løyvingsoversikt drift

Tall i 1 kroner	Budsjett 2024	Budsjett 2023	Rekneskap 2022
<b>Generelle driftsinntekter</b>			
Rammetilskot	-16 034 000	0	-8 999 013
Inntekts- og formuesskatt	-46 200 000	-37 189 000	-47 450 656
Eigedomsskatt	-59 700 000	-49 000 000	-48 835 821
Andre generelle driftsinntekter	-81 200 000	-76 358 000	-84 774 191
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-203 134 000</b>	<b>-162 547 000</b>	<b>-190 059 681</b>
<b>Netto driftsutgifter</b>			
Sum løyvinger drift, netto	185 272 723	117 770 345	141 279 734
Avskrivningar	26 000 000	20 637 000	25 989 901
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>211 272 723</b>	<b>138 407 345</b>	<b>167 269 635</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>8 138 723</b>	<b>-24 139 655</b>	<b>-22 790 046</b>
<b>Finansinntekter/Finansutgifter</b>			
Renteinntekter	-7 606 000	-2 747 000	-6 754 502
Utbytter	-8 430 000	-11 913 000	-5 537 398
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0
Renteutgifter	5 691 000	4 834 000	3 264 207
Avdrag på lån	10 029 000	9 998 000	9 354 028
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>-316 000</b>	<b>172 000</b>	<b>326 334</b>
Motpost avskrivningar	-26 000 000	-20 637 000	-25 989 901
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-18 177 277</b>	<b>-44 604 655</b>	<b>-48 453 613</b>

**Disponering eller dekning av netto driftsresultat**

Overføring til investering	23 950 000	98 400 000	23 325 781
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	-3 995 000	-30 840 000	26 603 057
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-1 777 723	-22 955 345	-1 448 183
Dekning av tidligare års meriforbruk	0	0	0
<b>Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>18 177 277</b>	<b>44 604 655</b>	<b>48 480 655</b>
<b>Fremført til inndeckning i seinare år (meirforbruk).</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>27 042</b>

# 16.

## Løyvingsoversikt drift, budsjett per tenesteeining

Tall i 1 kroner		Budsjett 2024	Budsjett 2023	Rekneskap 2022
<b>Fra Løyvingsoversikt:</b>				
Til fordeling drift		185 272 723	117 770 345	141 279 734
<b>Eining/ ansvar</b>	<b>Netto driftsutgifter pr. eining</b>			
100	Eining Kommunedirektøren	30 479 140	28 112 648	17 509 187
101	Eining skatt,avgift,finansinntekt	-58 020 000	-103 100 000	-48 321 783
102	Eining fond, interne overføringer	0	0	2 591 970
103	Eining Politisk styre,råd,utvalg	6 374 424	5 273 741	4 754 826
104	RM stab Personal	7 099 314	6 891 393	2 530 802
106	RM stab Næring	24 218 917	22 990 910	27 105 815
107	RM stab Plan	11 603 882	7 830 535	7 329 351
108	RM stab Kommunikasjon	11 233 311	11 360 708	7 063 561
110	Eining Pleie- og omsorgsteneste	40 348 316	36 358 607	33 370 701
121	Helsetenesta i Bykle og Valle	17 749 119	14 089 212	15 490 364
130	Eining Teknisk drift og eigedom	55 119 137	50 704 839	44 458 969
131	Sjølvkost inkl TDE	-24 922 217	-15 601 174	-19 052 695
150	Eining Kultur og fritid	14 993 528	14 092 696	11 515 635
160	Eining Bykle barne- og ungdomsskule	21 266 218	16 226 567	14 559 300
170	Eining Barnehage	14 209 673	11 406 499	10 320 952
180	Eining Fjellgardane skule	13 519 961	11 133 164	10 052 778
<b>Netto for alle einingane</b>		<b>185 272 723</b>	<b>117 770 345</b>	<b>141 279 734</b>

# 17.

## Personaldel

Utvikling i årsverk (stillingsheimlar) totalt for kommunen.

År	2021	2022	2023	2024
Antall	173,15	170,42	182,85	188,63

Lønsbudsjettet er på lik linje med budsjettet elles lagt inn med bruttotal. Inkludert i årsverk for 2024 er totalt 2 årsverk lærlingar, 2 årsverk turnuslegar og årsverk vikarar for fast tilsette som har utdanning med løn. 0,65 % stilling ved renhold og vaktmeister som vert refundert ligg og inne. Vakante stillingar ligg og inne i budsjettet. I tillegg ligg inne ytelser som vi gjev til Bykle sokneråd og kommunale aksjeselskap. Politisk styring (ordførar, varaordførar, leiararhovedutval og gruppeleiarar) ligg inne med 1,7 årsverk.

I lønskostnader ligg og kostnad ved sumarhjelp/skuleungdom (utan å telje stillingar) med kr 1 000 000,-.

I lønsbudsjett for 2024 ligg det inne ei auke på 5,78 årsverk.

1 årsverk til ergoterapeut og 1 årsverk til helsesykepleiar er lagt inn. Flyktningeteneste har ein auke på 2,6 årsverk for å dekke leiging, sakshandsaming og praktisk bistand. Vaksenopplæringa er styrka med 1 årsverk. Det ligger også inne ein auke til politisk frikjøp med 0,2 årsverk.

Auke i løns- og pensjonskostnader er lagt inn med 5% på årsbasis for 2024. I tillegg kjem pensjonskostnader. Premie til pensjon er avsett i hovudsak med 16,5% som kommunen sin arbeidsgjevarandel. Det er dei siste åra avsett midlar til pensjonsreguleringsfondet. Dette fondet er tenkt nytta i samband med utjamning av premieavvik pensjon. Premieavvik pensjon vert berekna kvart år, og er ikkje noko vi betaler eller får utbetalt. Er det positivt premieavvik eit år påverkar dette rekneskapen positivt. Imidlertid vert dette tilbakeført neste år, og då som ein kostnad. Pensjonsfondet er oppretta for å utjavne denne forskjellen i berekna tal. Ein kan og nytte dette fondet om årslønsveksten vert over budsjett.

Bykle kommune er i den heldige situasjon at vi har mange positive, motivera og dyktige tilsette. Desse må vi ta godt vare på. Tilrettelegging for skoloring og etterutdanning av våre eigne tilsette, slik at dei kan møte morgondagen sine krav, bør derfor framleis ha høg fokus i åra som kjem.

# 18.

## Kommentarer til årsbudsjett og økonomiplan på tenesteeiningsnivå

Det er dei tilrådde tiltak som er teke med i budsjettoppstillingane.

### 18.1. INVESTERINGSBUDSJETTET (KAPITALBUDSJETTET)

Dei prioriterte tiltaka gjeld i hovudsak ferdigstilling av tidlegare vedtekne prosjekt og prosjekt som låg inne i økonomiplanen 2023-2026. I tillegg er det lagt inn nye tiltak som er vurdert som viktige og aktuelle.

**Tilrådd budsjetttramme for investering i 2024 er som følger: Alle tal her er bruttotal**

<b>2210 Kommunale bustader</b>	kr 5 600 000
Vidareført frå 2023. Bustader bygges i røyrvikåsen på Hovden. Samarbeid med Bykle og Hovden vekst As. Planlagt ferdig i 2024. Avsatt i økonomiplan 23-26.	
<b>2302 Opprusting bygg Hovden langrennsarena</b>	kr 1 250 000
Midler avsatt i økonomiplanen til opprusting ved langrennsarenaen i samband med NM 2025	
<b>240 Egenkapitaltilskudd KLP</b>	kr 600 000
<b>2401 Garage/lading rådhus</b>	kr 812 500
Garage og ladepunkt for kommunale bilar ved rådhuset	
<b>2402 Røykebu</b>	kr 312 500
Røykebu for bebuarar ved Bykle aldersheim	
<b>2403 Leikeplass/uteområde Fjellgardane barnehage</b>	kr 1 250 000
Vedlikehald av leikeapparat og uteområde ved barnehagen	
<b>2404 Bibliotekhyller</b>	kr 625 000
Bytte av bibliotekhyller Hovden grendehus	
<b>249 Utbyggingsavtaler</b>	kr 625 000
Opprusting av stiar og løyper, klopper mm	
<b>416 Utskifting utstyr</b>	kr 2 500 000
Utskifting av utstyr, maskiner, biler	
<b>555 Hovedplan VA</b>	kr 8 500 000
Det er stort behov for oppgradering av ledningsnett VA, nye pumpestasjoner oa. Jfr hovedplan for VA. Arbeidet er igangsett og vil gå over fleire år. Vatn og avløp ligg innforbi sjølvkostområdet. Total VA-plan innheld tiltak på rundt kr 100 000 000. Ligg inne med ulike beløp i heile økonomiplanperioden.	
<b>2501 Lys og lys Hovden Grendehus</b>	kr 750 000
<b>2502 Uteaktiviteter ved Bykle skule</b>	kr 187 500
<b>2503 Grillbod ved Bykle skule</b>	kr 187 500
<b>2506 Sandvolleybane ved Bykle skule</b>	kr 250 000
<b>Sum tiltak brutto investeringsbudsjett</b>	<b>kr 28 950 000</b>



I tillegg vil ein sjå på vidareføring av tiltak satt opp og bevilga i 2023, men som ikkje er ferdigstilt. Desse tiltak og midlane vert handsama ved avslutning rekneskap 2023. For tiltak i økonomiplanperioden viser vi til pkt. 7 i økonomiplanen.

## 18.2. DRIFTSBUDSJETTET

Budsjettet er lagt fram som eit rammebudsjett innforbi kvar tenesteeining, og i samsvar med organisasjonsmodellen. Løyvinga til einingane er nettoløyving. Splitting av ramma i rekneskapen, (fordeling ut på rekneskapsbegrepet "ansvar"), vert tillagt kommunedirektøren. Det er ikkje gjort framlegg om endringar i tenestetilbodet til brukarane.

Driftsbudsjettet for år 2024 byggjer på ramma for 2023. Ein har over fleire år ikkje justert driftsbudsjettet for prisvekst, så det har vore ein realnedgang i driftsbudsjettet. Ved auka kostander innforbi fleire områder gjer ein no framlegg om å auke nokre driftsrammer. Ein har justert for inntektsendringar og tilskottsendingar.

Dei tiltak som vert løyvd til i 2023 som ikkje er ferdigstilt er ikkje lagt inn som tiltak no. Vidareføring av desse vert vurdert ved rekneskapsavslutning for 2023.

### Desse tiltaka ligg inne som driftstiltak i 2024:

<b>Desentralisert utdanning.</b> Midlar settes av årlig til desentralisert utdanning. Behov for midlar vil variere etter kva for utdanningsgrupper som kan realisere desentralisert utdanning.	kr 200 000
<b>Led-lys i bygg.</b> Bytte av lyskilder i alle bygg. Oppstart 2024, og blir vidareført til gjennomført.	kr 1 000 000
<b>Brynjeprosjekter.</b> Driftsmidler for gjennomføring av prosjektet. Lagt inn for første år.	kr 1 500 000
<b>Vaskeri.</b> Driftsmidler for deltagelse i prosjektet. Lagt inn for første år .	kr 750 000
<b>Asfaltering kommunale bustadfelt.</b> Asfaltering av veger i Tussefjodd og Hartesyndi, samt fartsdumper i veg Austmannali.	kr 1 850 000
<b>Auka ramme drift teknisk drift og eigedom.</b> På grunn av auka kostnader generelt til strøm, forsikring, materialer etc foreslår ein å øke driftsramma til eininga. Auken skal og nyttast til vedlikehold kommunale bustader.	kr 3 500 000
<b>Tilskott NM 2025</b>	kr 1 865 000
<b>Planlegging stadsutvikling Bykle</b>	kr 1 000 000
<b>Utarbeiding hovedplan veg</b>	kr 500 000
<b>Planlegging industribygg</b>	kr 500 000
<b>Auka ramme kulturmidlar</b>	kr 250 000

### Tiltak under teknisk drift og eigedom for 2024


Leskur ved kunstgressbanen på Hovden	kr 90 000
Risikoanalyse legionella og påfølgjande tiltak	kr 600 000
Lydisolering Hovden helsehus	kr 150 000
Oppgradere alarmsendarar til 5G	kr 150 000
Innbruddsalarm avdeling pleie og omsorg	kr 750 000
Oppussing (maling ol) Bykle skule inne	kr 600 000

<b>Auka driftsramme barnehage</b>	kr 850 000
Det blir endringer i statlig vedtatt makspris på barn i barnehage. Dette reduserer driftsramma for barnehagane, og foreslås kompensert med kr 450 000 i ekstra driftsmidler. Inntektene er redusert tilsvarende så endringa gir 900 000 i effekt.	
<b>Auka driftsramme pleie og omsorg</b>	kr 1 150 000
Aukae driftskostnader, auka ramme for bonus sommervikarar, og dekning av budsjett som har vist seg å være for lavt foregående år.	
<b>Auka driftsramme helse</b>	kr 200 000
<b>Auka driftsramme folkehelsearbeid</b>	kr 300 000
Eigen driftsramme manglar	
<b>Auka driftsramme skolefaglig</b>	kr 150 000
Eigen driftsramme manglar	
<b>Fast ramme årlig trafikkisikkerhetsmidler</b>	kr 500 000
Bruk blir vurdert iht behov og trafikkisikkerhetsplanen	
<b>Opplæring kursing politikere, satt av ramme på kr 150 000</b>	kr 150 000
Auka ramme kulturmidler med kr 250 000 til kr 1 000 000. Ein vil samtidig sjå på reglar for tilskudd til lag, organisasjonar, foreningar, bygg etc. slik at kulturmidler for 2024 blir fordelt etter nytt, ajourført reglement	
<b>Videreført tiltak frå økonomiplan 2023-2026</b>	kr 400 000
Unesco-prosjektet, stilling kulturskule	
<b>Vedlikehald/maling rådhus inne</b>	kr 500 000
<b>Tilskott BIL jfr vedtak i 2023</b>	kr 3 500 000
<b>Sum tiltak driftsbudsjett</b>	<b>kr 22 955 000</b>

Finansiert ved bruk av kr 5 570 000 frå disposisjonsfond og kr 16 920 000 frå driftsinntekter.

Ved kjøp av tenester som erstatter kommunal tenesteproduksjon (IKS ol) er kostnadene lagt inn lik budsjetterte kostnader frå dei enkelte selskap. Midlar til overføringar (tilskott o.l) er elles halde på same nivå som i 2023. Dei tiltak som er planlagt i investeringsbudsjettet i økonomiplanperioden vil påvike driftsbudsjettet. Korleis investeringane påverkar drifta vert vurdere fortløpande.

Når det gjeld prising av varer og tenester er det i hovudsak ikkje lagt inn prisauke. Vatn, kloakk, slam og renovasjon er sjølvkostområder og her legg ein inn prisauke på 2022-priser. Meir-/mindreforbruk eitt år vert sett av på fond for utlikning seinare år.



# 19.

## Budsjett per eining

**Samla informasjon om einingane sine mål og tilrådde tiltak følger fortløpande for kvart tenesteområde. Budsjetttrammene (netto) til drift og tilrådd fordela på dei ulike tenester som følger:**

### **KOMMUNEDIREKTØRENS STAB**

Område kommunedirektør, skatt-avgift-finansinntekt, fond-interne overføringar, politisk styre-råd-utval, personalavdeling, kommunikasjonsavdeling, planavdeling, næringsavdeling og økonomiavdeling:

#### **Formål/innhald/lovgrunnlag for tenesta:**

Med basis i overordna styringsdokumentasjon og lovverk skal staben:

- gje god informasjon om kommunen sine tilbod og tenester
- være serviceinnstilte og profesjonelle i møte med omverda
- sørge for ei effektiv og forsvarleg drift av kommuneorganisasjonen
- møte dei som tar kontakt med kommunen med åpenheit og respekt
- sørge for at innbyggjarane har tillit til at kommunen følgjer lover og reglar
- følgje god forvaltningsskikk. implementere vedteke digitaliseringsstrategi for kommunen
- iverksette kommunen sin personalpolitikk
- forsvarleg økonomistyring og ressursbruk

**Kommunedirektørens stab** har også fire rådgjevarar, strategisk rådgjevar, juridisk rådgjevar, digitaliserings/beredskapsansvarleg og kommunikasjonsansvarleg, som er direkte underlagt kommunedirektøren.

**Kommuneoverlegen** er frå 01.01.2024 plassert i kommunedirektøren sin stab.

**Skule- og oppvekstansvarleg** er og plassert direkte under kommunedirektøren. Skulefagleg er delegert ansvar som skuleeigar og barnehagemynde.

**Pedagogisk Psykologisk teneste (PPT)** er eit interkommunalt samarbeid mellom Bygland, Valle og Bykle kommune

**Nav** er organisert via samarbeid Nav Midt-Agder

**Flyktingetenesta** er plassert i kommunedirektøren sin stab. Ein har no 3 tilsette.

**Barnevern** er organisert via vertskommunesamarbeid med Valle og Bygland kommune, der Valle kommune er vertskommune.

### **PLANAVIDELINGA**

Mål – i 2024 skal vi ha fokus på:

- Kommuneplan – samfunnsdel, arealstrategi og planstrategi
- Stadutvikling Bykle kyrkjebygd
- Forprosjekt Sarvsdammen – attraksjonsutvikling. Opplevings- og dokumentasjonssenter – vasskraftutbygging og fornybar energi – Bykle i lag med Bykle næringslag.
- Plan for sentrumsopprusting – miljøtiltak Hovden sentrum
- Framdrift i rv 9- utbygginga
- Berekraftig hyttebygging – hyttepolitisk plan / strategi
- Plan og grunnerverv parkering Fjellparkvegen
- Planar som sikrar igangsetting av utbygging av nye hybelbygg for Setesdal vidaregåande og utviding av Badeland er vedteke.
- Landbruk – kulturlandskap og sjølvforsyninggrad – kopling mot beiteressursar og besøksforvaltning
- Etableringsbustad («leige for eige») – Hovden / Bykle
- Bustadpolitikk – nye buformer og utbyggingskonsept
- Trafikksikkerheitstiltak
- Arealrekneskap – myr og estetikk og ulike fagtema for folkevalde og tilsette.
- Arealbruk – kvalitetsnorm for villrein og kanalisering av ferdslø
- Oppfølging av samarbeidsavtalen med Agder fylkeskommune og utpeikte satsingsområde
- Gang og sykkelvei Storetjønn

**Måloppnåing:** - vi har lukkast i 2024 når prosjekt og planarbeid frå 2023 er slutført med:

- Dagsturhytta på Hovdenuten med informasjonsopplegg blir opna
- Rundkøyninga Skisentervegen/riksveg 9 blir opna
- Hartevatn industriområde blir tilrettelagt for etablering av større landbasert fiskeanlegg
- Tykkåsplanen utløyser etableringar og opprusting i delar av området.
- Hegniområdet kan operasjonaliserast til tiltak/budsjett
- Ny modell for utbyggingsavtaler har utløyst finansiering og bygging av fleire sti- og løypetiltak som skibru Vidsyn, skibru Lundane, undergang Ørnefjell/Nordli – RV 9 i økonomiplanperioden
- Sykkelrute 3/trygge ferdsleårer for mjuke trafikkantar frå Trydal i sør og langs Hartevatn er konkretisert.
- Ny parkering for Hovdenuten – Fjellparkvegen – plan og gjennomføring.

**Planavdelinga** har mykje sakshandsaming i medhald av særlover, innanfor plan- og byggesak, eigedomsrett, og konsesjonssaker jord-,skogbruk, utmark, motorferdsel, vassdrag osv.. Hovudfokus er rask og god sakshandsaming, og å ha kompetanse og kapasitet til å overhalde fristar og ha effektiv oppfølging i høve brukarar og saksmengda innafor heile virkeområdet til avdelinga. Plan- og byggesakshandsaming er det største saksfeltet. Endringar i lovverk og rettsgrunnlag, digitalisering og utfordringar i høve stabilitet i bemanning gjer til at ein må supplere tenesteproduksjonen med innleige samstundes som det er naudsynt med jamleg fagleg oppdatering i høve krava til formaliteter i ulike saksfelt/ særlovsgjevinga.

Fokus på risiko- og sårbarheits-tematikk, klimaendringar og samfunnssikkerheit i brei kontekst relatert til naturressursar og planlegging i kommunen står på agendaen. Internkontroll, digitale løysingar er ein del av kvardagen. Tykkås-planen og ulike reguleringsinitiativ aktuelle både i Bykle og på Hovden for å sikre tilgjengelege areal til ulike næringsføremål.

Planavdelinga arbeider meir og meir med prosjekt og planrealisering, og ikkje minst samhandling med eksterne aktørar for å sikre framdrift, samfinansiering og gjennomføring. Døme er; samarbeidet rundt RV9-utbygginga og ulike trafikksikringstiltak, og Hovdenutenprosjektet, etableringsbustader, utleigebustader, hyblar for Skigymnaset osv. Det er viktig at ein samordnar etablering av undergang ved Ørnefjell/Nordli med utbygginga/anbodet for RV9 komande år.

Avdelinga slit tidvis med rekruttering (kompetanse/kapasitet) til å utføre ein del oppgåver. Innleige av eksterne kompetanse og kapasitet er nødvendig for å sikre tjenestelevering.

Eit mål for 2024 er å forsterke arbeidet med strategisk utviklingsarbeid og planarbeid i som kan understøtte ønska samfunnsutvikling

For oss er det viktig med interaksjon med eksterne regionale og nasjonale aktørar. For å operasjonalisere berekraftsmåla til vår målestokk, småkommunar, og å bringe rurale- og distriktssyn inn i ordskifte om samfunnsutvikling ser ein samarbeid med Agder fylkeskommune, Distriktssenteret, Norges Miljø og biovtenskaplege universitet og andre FOU-miljø som viktig. Arbeidet med prosjektorganisering for å skape utvikling er effektivt og gir ny dynamikk. Samarbeid mellom plan, eining teknisk drift og eigedom og Bykle næring og utviklingsselskap AS bør vidareutviklast.

## HR- OG ORGANISASJON

Frå 01.01.2024 blir kommunikasjonsavdelinga og personalavdelinga ein avdeling med namnet HR - og organisasjon.

HR- og organisasjon har ansvar for politisk sekretariat, val, startlån, etableringstilskot bustader, skjenke/ serveringsløyve, kommunens heimeside, informasjon og sentralbord, post/arkiv og dokumentforvaltning, løn, personalforvaltning, rådgjeving innan arbeidsgjevarpolitikk, HMT, sjukefråvær arbeid, tilrettelegging for samarbeid med hovudverneombod og hovudtillitsvalde.

HR og organisasjon sitt slagord er service- og løysningsorienterte. Det er medarbeidarane sin kunnskap, evner og haldningar som utgjer avdelinga sin kompetanse. Avdelinga utgjer til tilsaman 6,6 årsverk.

HR og organisasjon er grunnstammen i kommunen og har eit spesielt ansvar med rådføring og tilrettelegging i organisasjonen og ut mot innbyggjarar og gjester.

### I 2024 skal vi:

- Innføre løysningar som gjer heimesida meir sjølvbetjent
- Vedteke ein arbeidsgivarstrategi som bidra til at vi betre lukkast i kampen om arbeidskraft
- Digitalisere og sikre lagring av dokumentasjon

Bykle kommunen har ansvar for å levere god informasjon og service til innbyggjarar og gjester på kort og lang sikt. Samtidig skal kommunale tenester føre til å finne løysingar som er klimavennlege, sosiale, teknologiske og økonomisk berekraftige.

### Sjølvbetjening:

- Kommunen sitt tenestetilbod skal vere tydeleg presentert på heimesida, med høve for å gå inn på den einskilde eininga og finne nærare relevant oppdatert informasjon.
- Heimesida skal ha forenkla navigasjon og språk, med fleire moglegheiter for sjølvbetjening

I åra framover vil Bykle kommune utfordrast som arbeidsgivar og tenesteleverandør som følgje av stadig skiftande kompetansekrav og auka konkurranse om arbeidskraft.

For å møte utfordringsbiletet må kommunen utvikle, ha framtidsretta løysningar for å skaffe og behalde kompetent arbeidskraft. Ein god arbeidsgivarstrategi er ein føresetnad for å lukkast.

### Arbeidsgivarstrategi:

- Arbeidet er satt i gang, og strategien utarbeidast i samarbeid med tillitsvalde, den skal politisk behandlast først halvår av 2024.

### Digitalisering og lagring:

- Alle administrative hovedprosessar innanfor HR feltet skal være digitale i løpet av 2024.
- Sikre lagring av dokumentasjon og oppnå klarleik rundt kva som er arkivverdig
- Bykle kommune har dokumentasjon som skal handsamast sensitivt og oppbevarast med høg sikring. Meir effektive og berekraftige løysningar skal innførast

### Vi har lukkast i 2024 når

- Innbyggjarar og gjestar nyttar seg oftare av sjølvbeteningsløysingar på heimesidene våre
- Arbeidsgivarstrategien blir vedteken med føringar som gjer Bykle kommune konkurransedyktig i kampen om arbeidskrafta, slik at vi kan fortsette å levere gode tenester.
- Implementering av digitale HR- system og at dokumentasjon er sikkert lagra.

### Arbeidsgjevarstrategien

Skal beskrive korleis leiarar og tilsette skal arbeide for å utføre kommunens samfunnsoppdrag på skikkeleg vis. Gode resultat og utvikling kjem ikkje av seg sjølv, og dei menneskelege ressursane er avgjerande for å lukkast. Dei tilsette og leiarane har vore med på workshop for å utarbeide innspel til planen. I samarbeid med hovudtillitsvalde er arbeidet sett i gang, med målsetting om å få strategien opp til politisk handsaming i første halvår 2024.

### Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Dette er eit lovpålagt og høgt prioritert satsingsområde innan norsk arbeidsliv. Arbeidsgjevarar skal sørge for å sikre helse, miljøet og tryggleiken til arbeidstakarane. Den enkelte arbeidstakaren skal aktivt hjelpe til slik at det skjer. Avvik og avvikshandtering er eit viktig verktøy i HMT-samanheng.

### Sjukefråvær

Bykle kommune har som mål å ha eit sjukefråvær på maksimalt 6 %. Denne målsettinga har til no ikkje vore mogleg å nå i alle einingar. Det er viktig å halde fram arbeidet og fylgje rutinar for rask og tett oppfølging av sjukefråværet, og framleis gjere tiltak som omplassering av tilsette der det er mogleg.

### Arbeidskraft/kompetanse

Det er alt hard kamp om arbeidskrafta her til lands. I framtida blir kampen om kompetansen endå tøffare. Som samfunnsaktør og tenesteleverandør for innbyggjarane i Bykle kommune må vi sikre oss kvalifisert arbeidskraft. Det er sett av midlar i budsjettet til lærlingar, og vi gir kvart år tilbakemelding til opplæringskontoret om at vi ynskjer oss fleire lærlingar. Tiltak som ekstra lønnskompensasjon og kompetanseheving er gode virkemiddel som blir nytta for å skaffe rett kompetanse til våre stillingar.

**ØKONOMIAVDELINGA**, som også inneheld eigedoms-skattekontor, har ansvaret for inn- og utgåande fakturering, innfordring og bokføring. I tillegg til rekneskapsansvar ligg og budsjettansvar til denne avdelinga. Opplæring, informasjon og kontroll ovanfor einingane er og viktige oppgåver. Økonomiavdelinga har også rekneskapsføring for Bykle sokn. og for Setesdal IKT.

**NÆRINGSVDELINGA** har ein viktig oppgåve med å legge til rette for- og motivere til auka aktivitet og sysselsetting i kommunen. Dei siste åra har vært krevjande for fleire lokale bedrifter, med generelt auka kostnadsnivå og historisk høge straumprisar. Bykle treng både vekst i eksisterande næring og auke i nyetableringar. Ein attraktivt og forutsigbar arbeidsmarknad er særskilt viktig for å sikre tilflyttingsvekst i framtida.

Samarbeid lokalt, mellom kommune, næringsliv, hyttebyklare og tilreisande, i tillegg til eksterne aktørar er viktig for å få til gode synergjar for vekst og attraktivitet.

Ein vil arbeide for å vidareutvikle ei allereie sterk reiselivsnæring, parallelt som ein vil arbeide for å motivere til nye næringar. Til eksempel industrietablering og anna næring som medfører eit breiare kompetanse grunnlag som kan auke både bo- og arbeidsattraktivitet i kommunen. Det er ynskjeleg å få til ei eller fleire fyrstårn bedrift(er), gjerne med eksportmoglegheit som igjen vil bidra til viktig merkevarebygging for kommunen og anna lokalt næringsliv. Å sikre tilgjengelege næringsareal i kommune vil vere avgjerande for å få dette til.

Vidare vekst må sjåast i samanheng med budsjett og inneber at ein i aukande grad nyttar seg av ekstern finansiering i åra som kjem. Behov for omstilling til berekraftig drift, og krav til rapportering for næringslivet krev raskt taktskifte og ein smidig administrasjon. Både berekraft og digitalisering er viktige stikkord for næringsutvikling i åra som kjem.

Eininga starta arbeidet med auka ekstern finansiering i 2023. Ein har fått innvilga til saman kr 1 150 000 til drift av kommunale prosjekt, frå blant anna Miljødirektoratet (klimasats), Agder fylkeskommune og Setesdal Interkommunale politiske råd. I tillegg har ein bidratt lokalt næringsliv med søknadshandtering hjå eksterne støtteordningar for betydelege summer. Frå og med 2024 vil eininga rapportere på desse tala til politisk nivå med vidare målsetting å auke eksterne tilskot med 30% årleg.

Arbeidet med ei meir straumlinjeforma digital søknadshandtering er framleis under arbeid og vil bli lansera kort tid etter endeleg overgang til IKT Agder og nye nettsider. Eininga har 2 årsverk.





Samla budsjett kommunedirektørens stab

Konto	Konto(T)	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
U	Sum utgift	24 941 679,95	50 959 647,80	64 929 140,00
I	Sum inntekt	-7 887 194,66	-22 847 000,00	-37 620 000,00
100	Eining Kommunedirektøren	17 054 485,29	28 112 647,80	27 309 140,00
U	Sum utgift	15 024 414,87	15 512 000,00	16 420 000,00
I	Sum inntekt	-248 173 588,89	-280 307 000,00	-277 190 000,00
101	Eining skatt,avgift,finansinntekt	-233 149 174,02	-264 795 000,00	-260 770 000,00
U	Sum utgift	68 252 798,80	164 402 655,00	66 142 277,00
I	Sum inntekt	-21 538 833,60	-111 658 000,00	-41 995 000,00
102	Eining fond, interne overføringer	46 713 965,20	52 744 655,00	24 147 277,00
U	Sum utgift	4 778 333,04	5 273 741,00	6 374 424,00
I	Sum inntekt	-23 507,07	0	0,00
103	Eining Politisk styre,råd,utvalg	4 754 825,97	5 273 741,00	6 374 424,00
U	Sum utgift	2 846 688,29	6 951 393,00	7 159 314,00
I	Sum inntekt	-315 886,29	-60 000,00	-60 000,00
104	RM stab Personal	2 530 802,00	6 891 393,00	7 099 314,00
U	Sum utgift	34 842 504,09	23 933 910,00	25 661 917,00
I	Sum inntekt	-7 246 727,26	-943 000,00	-3 443 000,00
106	RM stab Næring	27 595 776,83	22 990 910,00	22 218 917,00
U	Sum utgift	14 007 092,88	11 255 635,00	15 028 982,00
I	Sum inntekt	-6 805 663,30	-3 425 100,00	-3 425 100,00
107	RM stab Plan	7 201 429,58	7 830 535,00	11 603 882,00
U	Sum utgift	7 697 154,49	11 496 508,00	11 369 111,00
I	Sum inntekt	-812 593,38	-135 800,00	-135 800,00
108	RM stab Kommunikasjon	6 884 561,11	11 360 708,00	11 233 311,00

## PLEIE- OG HJELPETENESTA

Alle innbyggjarar i Bykle kommune med behov for bistand til å meistre eigen kvardag, skal få nødvendig behandling og omsorg med høg fagleg kvalitet. Tenestene skal i stor grad vere heimetenesteorienterte og ikkje institusjonsorienterte. Tenestane skal vere ei støtte, for at kvar enkelt kan bu heime og leve sjølvstendig lengst mogleg.

### Tenestekvalitet for brukarane

Hovedmålet er å gje tenester med god kvalitet gjennom brukardeltaking og kompetente medarbeidarar, kombinert med at tenestene blir gitt innanfor vedtekne økonomiske rammer.

### Kompetanse og personalutvikling

For å sikre tenesta i framtida er det behov for å tenke nytt om kompetanse, leiing, teknologi, samhandling og oppgåvedeling. Berekraftig omsorgsteneste er avhengig av at dei som jobbar i tenesta blir sette i stand til å yte den innsatsen som er nødvendig for å løysa desse utfordringane, samt at rett kompetanse blir brukt på rett stad.

Me skal arbeide med **Reforma Bu trygt heime.**

Reforma skal bidra til at eldre kan bu trygt heime, og at behovet for helse- og omsorgstenester blir utsett gjennom betre planlegging, styrkt førebygging og meir målretta tenester. Vidare å sikre betre bruk av personell og dei samla ressursane, og gjennom dette bidra til at alle som treng det får tilgang til gode og trygge tenester

### Reforma har fire satsingsområde:

- levande lokalsamfunn
- bustadtilpassing og -planlegging
- kompetente og myndiggjorte medarbeidarar
- tryggleik for brukarar og støtte til pårørande

Eit godt lokalt fagmiljø og mogleheit til å kunne utvikla seg vidare er viktig for å rekruttere nye og for å behalde kompetanse.

Me vil i 2024 kartlegge framtidige kompetansebehov og utarbeide plan for framtidig kompetanse i eininga.

### Økonomi

Mål er å gje forsvarlige tenester med forsvarleg økonomistyring og ressursbruk. Dei tilsette er hovudressursen og løn er hovudkostnaden.

### Lovpålagde oppgåver som vert dekkja av eininga:

1. Aktiviserings- og dagsenter tenester til eldre og personar med funksjonsnedsettelse
2. Aktiviserings- og dagsenter tenester for heimebuande personar med demens
3. Diagnose, behandling og rehabilitering
4. Habilitering
5. Helse og omsorgstjenester til heimebuande
6. Kommunal øyeblikkelig hjelp døgnopphold
7. Helse og omsorgstjenester i institusjon
8. Omsorgsbustader
9. Koordinerende eining
10. Støttekontakt og omsorgsløn

### I 2024 skal me arbeide med:

1. Systematisk kvalitetsforbetringsarbeid og pasienttryggleik
2. Heimebuande i Bykle Kommune skal få auka livskvalitet og bu lenger heime i eigen bustad ved hjelp av auka tilbod om heimebaserte tenestar.
3. Tenesta skal ha eit godt og utviklande fagmiljøet

### I 2024 lykkast me når:

1. Utvikling av **kvalitet** er eit arbeid som er integrert i det daglege arbeidet. **Pasienttryggleik** blir til i samhandling mellom pasient og personal. Ein tryggleikskultur er kjenneteikna av openheit, tillit og respekt. Kulturen blir skapt i det me gjer, og i måten me møter utfordringane.
2. Heimebuande oppleve tryggleik og er tilfredse med å bu heime. Samt at heime tenestar aukar fram for institusjons tenestar.
3. Tenesta er prega med god samhandling, kommunikasjon, utvikling og samarbeid mellom ansatte. Når me har ein eining som er åpen for nye løsingar og som har eit inkluderande miljø.

Konto	Konto(T)	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
U	Sum utgift	39 946 831,98	40 677 207,00	45 475 216,00
I	Sum inntekt	-6 629 052,91	-4 318 600,00	-5 126 900,00
110	Eining Pleie- og omsorgsteneste	33 317 779,07	36 358 607,00	40 348 316,00

## HELSETENESTA I BYKLE OG VALLE

Helsetenesta i Bykle og Valle er eit vertskommune-samarbeid, med Bykle som vertskommune. Helsetenesta omfattar fastlegetenesta, daglegevakt, beredskapslegevakt 24/7, kommuneoverlegen, helsestasjons- og skulehelsetenesta, jordmortenesta, fysioterapitenesta, ergoterapitenesta, SLT-koordinator samt psykisk helse og rustenesta.

Helsetenesta har ansvar for å gi alle som bur eller oppheld seg i kommunane tenester av god kvalitet og eit fagleg forsvarleg helsetilbod, basert på helse- og omsorgstenestelova, folkehelse-loven, pasientrettslova, helsepersonellova, smittevernloven, lov om psykisk helsevern og mange andre lovar og føresegner. God kvalitet betyr at helsetenestene er verknadsfulle, trygge og sikre, involverer brukarane, er samordna og prega av kontinuitet, utnyttar ressursane godt, er tilgjengelege, rettferdig fordelt og prega av ein kunnskapsbasert praksis.

### Kompetanse, personal- og tenesteutvikling

Noreg er framleis inne i ei omfattande helsepersonellkrise, som gjer det vanskeleg og dyrt å rekruttere helsepersonell, både til faste og midlertidige stillingar.

Eit godt lokalt fagmiljø og moglegheit til å kunne utvikla seg vidare er nøkkelelement for både å rekruttere nye og å behalde sine tilsette. Helsetenesta samarbeider med relevante forskings- og utdanningsmiljø, med andre kommunar og med helseføretak for å sikra seg at dei tilsette kan vedlikehalde sin kunnskap og utvikle seg.

Helsetenesta kjem til å få nytt pasientjournalssystem i 2024, som ein konsekvens av overgangen til IKT Agder. Dette vil vera ei stor omstilling og difor krevje god opplæring for alle tilsette innan helsetenesta, som krev både tid og pengar. Kostnadane er ikkje avklart.

### Legetenesta

Legetenesta fungerer godt. Vi har kontor på Hovden, i Bykle og i Valle. Tenesta blir supplert med innleige / vikarlege etter behov.

### Psykisk helse og rustenesta

Tilsetting av fagleg dyktige vikarar har styrka arbeids- og fagmiljøet. Ekstra lønsmidlar er kompensert ved ny disponering av ledige heimlar innafor helsetenesta. Innføring av digital teknologi har ført til ei betrakteleg reduksjon i ekstratimar for nokon av dei tilsette og såleis bidrege til at teknologien har finansiert seg sjølv.

### Jordmortenesta

Særs stor vaktbelastning på grunn av eit auka tal gravide og fødande i begge kommunar. Mykje langtidsfråvær har ført til ei stor belastning for jordmora som var att i aktiv teneste. Naudsynt med mykje ekstraarbeid og vikarar, som har ført til eit meirforbruk. Stor mangel på jordmødrer i heile Noreg, det er så godt som umogleg å skaffe jordmor.

### Ergoterapitenesta

Ergoterapeutstillinga er no vedteke som eit samarbeid mellom Bykle og Valle.

### Generelt

Helsetenesta har framleis klart å halde eit høgt servicenivå, som er heilt naudsynt for våre innbyggjarane fordi me er langt frå neste sjukehus og spesialistar. Dette er òg etter regjeringa sine intensjonar, som vil at flest mogleg tenester ytast der pasientane bur eller oppheld seg.

Det er ikkje budsjettert med sjukevikar. Dette gjer at ein kan gå over budsjett. For eksempel vil en sjuk lege utgjere kostnader x1.5, då me får refundert under halvparten av lønnskostnadane. Ein må da i perioder vurdere redusert drift.

### Målsetting for 2024

1. Helsetenesta har til ein kvar tid tilstrekkeleg med bemanning
2. Helsetenesta har det beste fagmiljøet i heile regionen
3. Økonomi er revidert  
Etablere nytt pasientjournalssystem


Konto	Konto(T)	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
U	Sum utgift	40 971 862,93	34 499 724,00	41 410 438,00
I	Sum inntekt	-25 526 017,41	-20 410 512,00	-25 161 319,00
121	Helsetenesta i Bykle og Valle	15 445 845,52	14 089 212,00	16 249 119,00

## TEKNISK DRIFT OG EIGEDOM

Eininga er organisert i tre fagområder med følgjande ansvar:

- Bygg og eigedom: drifts og vedlikehaldsansvar for kommunale formålsbygg, anlegg og kommunale bustadar.
- VA og veg: drifts- og vedlikehaldsansvar for kommunale VA-anlegg og vegar.
- Reinhold: ansvar for reinhold av kommunens formålsbygg

Oppgåver innan bygg og eigedom er i stor grad ikkje lovpålagde og der kommunen sjølv bestemmer omfang og tenestnivå. Oppgåver innan VA og veg er i stor grad lovpålagd. Det same er reinhold av kommunens bygg ut i frå funksjon og bruk. I tillegg har eininga også ansvar for gjennomføring av prosjekt innafor fagområder nemnt over, og budsjettansvar for kommunens andel av brann- og feiarvesen og renovasjon.



### Formål:

Eininga skal utøve ein mest mogleg effektiv tenesteproduksjon, leveranseprosess og ressursbruk i høve til eksterne og interne brukarar.

### Hovudmål

#### Hovudmål for tenesta

- Fokus på redusert sjukefråvær og auka trivsel
- Effektivisering gjennom innovasjon og digitalisering
- Vere ein attraktiv og utviklande arbeidsplass
- Ta ansvar for heilheitlig samfunnsutvikling i Bykle

### Satsingsområder i 2024

Satsingsområda for 2024 er valt på bakgrunn av dei overordna måla for tenesta, i tillegg til mål og føringar satt i kommuneplanens samfunnsdel og styrande temaplanar.

Ein generell oversikt over dette følgjer under. Detaljert plan utarbeidast i einingas verksemdsplan for 2024.

#### Kommunale bustadar

<b>Status</b>	Problem med å skaffe nok bustadar til nyttilsette og flyktningar. Fleire av bustadane er ikkje godt nok tilpassa dagens brukarar.
<b>Mål for 2024</b>	Fleire kommunale bustadar som i større grad er tilpassa dagens behov, og dagens leigepris i marknaden.
<b>Indikatorar på at me har lykkast</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Sal av 4 bustadar som er vedtatt selt. Desse er ikkje tilpassa dagens brukarar.</li><li>• Gjennomsnittleg butid for kommunale bustadar (ikkje sosialbustadar) går ned frå 24 mnd til 20 mnd.</li></ul>

#### Digitalisering

<b>Status</b>	Eininga har grei framgang innan digitalisering, men framleis er det ein del å gå på.
<b>Mål for 2024</b>	Få på plass og bruke fleire digitale verktøy for å effektivisere arbeidskvardagen.
<b>Indikatorar på at me har lykkast</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• 6 av 11 reinhaldare nyttar digitale reinhaldsplanar.</li><li>• Leseliste Compilo: &gt; 50 % fullført totalt sett.</li></ul>

#### ENØK

<b>Status</b>	Utviklinga i straumprisen den seinare tida har ført til auka fokus på ENØK for både bygg og anlegg. Bykle kommune har ennå ein veg å gå i høve til andre kommunar. Det er mange bygg og anlegg i kommunen som har eit uforholdsmessig høgt energiforbruk.
<b>Mål for 2024</b>	Få energiforbruk ved dei kommunale bygga og anlegga til kommunen vidare ned.
<b>Indikatorar på at me har lykkast</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Plassering i kategori «Energikostnader pr. kvm bygg» i Kostra: &lt;225</li><li>• %-andel av kommunale bustadar med varmepumpe: &gt; 70 %</li></ul>

## Trivsel og utvikling

<b>Status</b>	Noko av det viktigaste for eit godt arbeidsmiljø er trivsel og moglegheit for utvikling. Det bør vere fokus på dette til ein kvar tid. Trivselen på eininga er generelt god, men det er likevel naudsynt med jamt arbeid med arbeidsmiljø framover.
<b>Mål for 2024</b>	Eit sundt og godt arbeidsmiljø der alle trivast og der ein bygger kvarandre opp. Det skal også vere rom for å ta opp ting ein er ueinig i utan at ein skal vere redd for konsekvensar. Det skal vere moglegheit for utvikling i eininga, noko som også er viktig for trivsel.
<b>Indikatorar på at me har lykkast</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Antall som tar fagbrev i 2024: &gt;2</li><li>• Sjukemeldte i eininga: &gt; 5 %</li><li>• Tenesteleiar skal utarbeide kompetanseplan</li></ul>

## Utfordringar

I 2024 vil eininga i stor grad ha dei same utfordringane som ein har hatt dei siste åra. Det gjeld:

<b>Vedlikehald av bygg og anlegg</b>	Stor bygningsmasse og VA-anlegg i høve til kommunens størrelse. Vanskeleg å halde vedlikehald på akseptabelt nivå i høve til økonomi og administrative ressursar.
<b>Klimaendringar</b>	Framover er det naudsynt å tilpasse både bygg og installasjonar til klimaendringane
<b>Stadig fleire og strengare krav frå myndigheiter</b>	Det kjem stadig fleire og strengare krav frå myndigheitane. Dette gjeld spesielt VA-anlegga våre, men også til dømes krav til sertifisering av personell for å gjere den daglege jobben. Dette krev stadig meir administrasjonsressursar.
<b>Drift vs. prosjekt</b>	Eininga har få dedikerte «prosjektleiar»-ressursar. Det fører i stor grad til at dei som administrerer drifta også må ta ansvar for prosjekta, noko som igjen fører til at ein som regel ikkje rekk over alle prosjekta kvart år.

Konto	Konto(T)	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
U	Sum utgift	67 135 373,18	54 007 839,20	59 716 637,00
I	Sum inntekt	-24 248 722,55	-11 823 000,00	-4 597 500,00
130	Eining Teknisk drift og eigedom	42 886 650,63	42 184 839,20	55 119 137,00
U	Sum utgift	31 940 191,37	17 330 826,00	17 182 783,00
I	Sum inntekt	-48 646 914,48	-32 932 000,00	-42 105 000,00
131	Selvkost inkl TDE	-16 706 723,11	-15 601 174,00	-24 922 217,00



## KULTUR OG FRITID

Bykle kommune skal vere pådrivar for at flest mogleg bidreg aktivt i lokalsamfunnet. På den måten kan kommunen og innbyggjarane saman vidareutvikle eit attraktivt kultur- og fritidstilbod for kommunens befolkning og besøkande. Målet er trivsel og god psykisk helse for alle. Kulturlivet skal vere mangfaldig, sterkt og uavhengig der barn og unge har høg prioritet.

- Utøve ein aktiv kunst- og kulturpolitikk som tek vare på tradisjonar, samtidig vere tidsriktig og nyskapande.
- Støtte opp under arbeid med immateriell- og materiell kulturarv, andre kulturar og kulturuttrykk.
- Utvikle og arrangere kulturelle opplevingar og møtestader som skapar trivsel og toleranse.
- Aktivitetar og opplevingar som gir motivasjon for fysisk aktivitet, inspirasjon og sosial tilhøyrse.
- Vere ein viktig samarbeidspartnar med frivillige, lokale lag- og organisasjonar, samt kulturbasert næring.

### Økonomi:

"SKAL" oppgåver (lovpålagte):

Kulturskule for born og unge, bibliotekdrift, barne- og ungdomsråd, støtte til kyrkja og andre trussamfunn. Støtte med kulturmidlar til frivillige lag og foreiningar. Vertskap ved museumsdrift. Drift av kulturhusa. Utdeling av Kulturpris, Utviklingsstipend og LIM-midlar. Arbeid med Morten Henriksen Stiftelsen, Bykle Idrettsråd, drift av 17-mai arrangement og Tv-aksjonen. Infoskilt kulturstiar som ved Byklestigen og Vikingvegen.

### "BØR" og "KAN" oppgåver:

Musikk- og kulturundervisning i barnehage, og grunnskulane Bykle og Hovden. Drift av junior- og ungdomsklubb, kinodrift og treningstilbod lågterskel på grendehuset og samfunnshus. Familiesymjing. Støtte til sesongkort v/alpinsenter, støtte til årskort ved Hovden Badeland. Støtte til andre forsamlingshus. Drift av Bykle Frivilligsentral. Støtte til sup og båt til lokal ungdom i sommarhalvåret. Samarbeidspartnar til arrangement med frivillige, lag og org og næringsliv. Aktivitet for barn og unge både i og utanfor ferier. Unesco kulturskule prosjektstilling. Støtte til Honorarfondet.

Konto	Konto(T)	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
U	Sum utgift	18 425 037,33	15 099 496,00	16 000 328,00
I	Sum inntekt	-7 364 402,07	-1 306 800,00	-1 006 800,00
150	Eining Kultur og fritid	11 060 635,26	13 792 696,00	14 993 528,00

## **BYKLE BARNE OG UNGDOMSSKULE, VAKSENOPPLÆRINGA**

Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

### **Visjon:**

Visjonen vår er aktive og trygge elevar. Skulen si hovudoppgåve er å legge forholda til rette for læring og eit godt og trygt skulemiljø.

*Visjonen vår er aktive og trygge elevar. Skulen si hovudoppgåve er å legge forholda til rette for læring og eit godt og trygt skulemiljø.*

### **Mål skuleåret 2023/2024:**

I 2024 skal vi fortsette satsinga på «Eit inkluderande læringsmiljø» ved Bykle skule.

- relasjonar
- tilpassa opplæring
- medverknad
- heim-skule samarbeid

Vi har lykkas i 2024 når vi ser trygge og motiverte elevar, foreldre som deltek aktivt i sosialt arbeid utanfor skuletid for å styrke relasjonar elev-elev og mellom foreldra sjølve og dei tilsette som heile tida jobbar for å bli betre.

I 2024 har skulen saman med barnehagane i Bykle og på Hovden og Fjellgardane skule felles kompetanseheving for personalet.

Læringsmiljøprosjektet er eit samarbeid med UDIR og er eit nasjonalt prosjekt. Prosjektet gjeng over to år og er ferdig våren 2025.

I 2024 har skulane også eit prosjekt saman med UiA. Me kallar det Kompetanseløftet + Hovudmål Kompetanseløftet+: Inkluderande praksis, sikre felles kunnskapsgrunnlag for arbeidet med inkluderande praksis og å styrke det tverrfaglege samarbeidet. I prosjektet skal vi bli betre kjend med SAMM modellen ( systematisk arbeid med meistring, medverknad og motivasjon )

Vi har lykkas i 2024 når dei tilsette ved skulen ser heilskapen og samanhengen i prosjekta og har utviklingsarbeid som ein fast del av sitt pedagogiske arbeid.

I 2024 skal vi jobbe vidare på internkontroll. Både oppdatering av dei ein har og utarbeiding av nye rutinar, veiledningar osv. Vi har lykkas i 2024 når alt er lagt i Compilo og alle dei tilsette har ei eigarskap til det og nyttar det i det daglege arbeidet.

#### **Tenestekvalitet for brukarane:**

Skulen jobbar systematisk med å kartlegge for heile tida prøve å bli betre. Kvart år gjennomfører me:

- elevundersøkinga ( nasjonal )
- føresetundersøkinga ( nasjonal )
- trivselundersøkingar 1.-7.trinn ( lokal )
- kvar elev samtalar med sosialrådgjevar
- kvar elev samtalar med helsesjukepleiar

Dette arbeidet er viktig for oss for å kunne vite kva med gjer rett og kva me må bli betre på for å vere sikre på å kunne vere ein skule som fremjar helse, trivsel og læring for alle.

Bykle skule har og ei kantine for våre elevar med sunn og god mat kvar dag gjennom heile veka. Alle elevar ved skulen får og frukt kvar dag. Me trur sunn og næringsrik mat gjev eit godt grunnlag for auka læring og trivsel.

#### **Kompetanse og personalutvikling:**

Eininga har som mål å sikre høg fagleg kompetanse for å kunne levere gode tenester. Det er viktig å kunne gje kurs og vidareutdanning til personalet for å utvikle kompetansen. Krav frå Kunnskapsdepartementet i mange fag, gjer at vi må halde fram med å gje vidareutdanning til fleire av lærarane for å tilfredsstille kompetansekrava.

I år har vi tre tilsette som tar vidareutdanning skuleåret 23/24 ein tilsett som studerer «Psykisk helse og livsmestring ungdomsskole» ein tilsette som studerer «Forebygging og håndtering av mobbing i skole og barnehage» ein tilsett som studerer «Begynner opplæring med vekt på grunnleggende ferdigheter 1.-7-klasse»

Skulen har i år også to tilsette som tek imot praksisstudentar. Dette er i samarbeid med UiA og studiet «Distriktsvennlig barnehagelærerutdanning».

Vi har ein sosialpedagogisk rådgjevar som er ein svært nyttig ressurs både for elevar og lærarar. Våre tilsette ved SFO og skulen har høg kompetanse og gjer ein flott jobb.

### Økonomi:

Skulen har som mål å ha ei forsvarleg økonomistyring og ressursbruk. Personalet er hovudressursen og løn er hovudkostnaden vår. Elevtalet har gått ned dei siste åra, så vi slår saman klassar i nokre fag og gjer dei innsparingar som krevst. Det er likevel ein del kostnadar som kjem om ein er liten, eller stor.

Skulen sitt store prosjekt i 2023 var nytt uteområde. Det stend no klart til glede for dei unge både i skuletida og på fritid. For budsjett 2024 ynskjer skulen noko oppgradering innvendig. Skulen er i god teknisk stand, men ei fornying av fargar er på tide i klasserom og fellesareal.

### Lovpålagde oppgåver som vert dekkja av eininga, «SKAL-oppgåver»:

Skulen må følge opplæringslova og arbeide etter Kunnskapsløftet (den læreplanen som gjeld i dag.) Elles skal skulen gje tilbod om SFO, norskopplæring for framandspråklege, spesialundervisning og leksehjelp/ fysisk aktivitet.

I tillegg vert det gjeve følgjande tilbod «KAN-oppgåver»: Kantine og tur med Kvite Bussar.

Frå og med våren 2024 tek Bykle skule og betalar turen for kvar elev som reiser med «Kvite bussar». Elevane og skulen har tidlegare hatt eit «spleiselag».

### Vaksenopplæringa

Frå hausten 2022 har det kome Ukrainske flyktningar til Bykle som treng opplæring. Skulen saman med administrasjonen har fått på plass vaksenopplæringa igjen i dei gamle lokala rett ved rådhuset og på Hovden Grendehus. Det er tilsett to pedagogar som har det daglege ansvaret for opplæringa. Dei samarbeider godt med Flyktningtenesta og både skulane i kommunen. Det er Bykle skule som har det daglege ansvaret for opplæring av dei vaksne flyktningane. Dei er no så mange at me har oppretta ei avdeling også på Hovden.

### Bykle

No i haust er det 11 vaksne som får opplæring i norsk. Dei har vanleg undervisning tre dagar i veka og så er dei to dagar ute i arbeidspraksis. Det er tilsett ein pedagog i 100 % stilling for å fylgje opp.

### Hovden

På Hovden er det i haust 15 vaksne som får opplæring. Det er og tilsett ein pedagog i 100% stilling på Hovden. På Hovden har vi eit frivillig tilbod til arbeidsinnvandrarar ein kveld i veka. Her kan det vere frå 4–12 elever kvar tysdag kveld.

Konto	Konto(T)	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
U	Sum utgift	16 429 548,41	16 623 067,00	21 662 718,00
I	Sum inntekt	-2 348 592,94	-396 500,00	-396 500,00
160	Eining Bykle barne- og ungdomsskule	14 080 955,47	16 226 567,00	21 266 218,00



## **BARNEHAGE**

### **Lokalsamfunn og utvikling**

Barnehagane har som mål å gi eit utfordrande og lærerikt oppvekstmiljø. Godkjend årsplan (som ligg på kommunen si heimeside) er eit viktig arbeidsreiskap.

### **Tenestekvalitet for brukarane**

Barnehagane gjennomfører foreldreundersøking i november/desember kvart år. Foreldreundersøkinga er nasjonal og utarbeida av Utdanningsdirektoratet (UDIR) Resultata frå foreldreundersøkinga nyttast av barnehagane og barnehageeigar som ein hjelp til å vurdere og utvikle barnehagetilbodet.

Det gjennomførast foreldresamtalar, foreldremøte og møter i samarbeidsutvalet.

### **Kompetanse og personalutvikling**

Eininga har som mål å sikre høg fagleg kompetanse for å kunne levere gode tenester. Det er viktig å kunne gje kurs og vidareutdanning til personalet, for å utvikle kompetansen, både internt i kommunen men og saman med samarbeidande kommunar, til dømes Valle.

Barnehagane og skulane i Bykle deltek på læringsmiljøprosjektet i regi av læringsmiljøsentret i Stavanger, Utdanningsdirektoratet er eigar av prosjektet. Hovudmål: Å fremje eit trygt og godt barnehage, sfo og skulemiljø utan mistriksel og krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Barnehagane deltek samstundes på regional kompetanseheving, og ein ser Læringsmiljøprosjektet i samband med dette sånn at det opplevast som en heilskap.

Regional kompetanseutvikling (REKOMP) er ei ordning som skal bidra til at barnehagar utviklar si pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling i samarbeid med universitet og høgskule, her Universitetet i Agder. Kompetansetiltaka skal byggje på analyse av virksomheitas kompetansebehov, og gjennomførast i samarbeid med universitet og høgskule.

### **Målsettingar:**

- Gje alle barn og unge same føresetnad for utvikling og læring
- Sikre felles kunnskapsgrunnlag for arbeidet med inkluderande praksis
- Styrke det tverrfaglege samarbeidet

Barnehagane har satt av perioden 2023-2025 til disse kompetansehevingane

### **Interne prosessar**

Det vil vere eit særleg fokus på det interne arbeidsmiljøet. Barnehagane har språkpraksisplassar, det ei i språkpraksis i Fjellgardane barnehage.

Fjellgardane barnehage er praksisbarnehage for studentar frå Universitetet i Agder og barnehagane tek imot lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget.

### Økonomi

Barnehagane har eit mål om å ha ein forsvarleg økonomistyring og ressursbruk. Dei tilsette er hovudressursen og løn er hovudkostnaden vår. Kommunen satsar på tidleg innsats og inntak av barn heile året, dette gjer at barnehagane må halde på ein stabil bemanning også i periodar med mindre barn. Frå 01.08.2024 endrast maksprisen på barnehage til 1500 kroner i månaden. Dette gjer at ein må auke rammene i budsjettet for å dekke inntektstapet.

Barnehagane har fokus på matglede og gode matvarar. Vi skal som eit prosjekt nytte oss av dei digitale verktøya Matjungelen og Matnyttig. Matjungelen er lagd av folkeleg og nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet på bestilling frå Helsedirektoratet og er forankra i rammeplanen for barnehage. Matnyttig er eit forskningsbasert prosjekt utarbeida av Universitetet i Agder. Utgiftene til mat vil naturleg nok auke.

### Lovpålagde oppgåver som vert dekkja av eininga:

- Barnehageplass for barn under opplæringspliktig alder som er busett i kommunen
- Barn som fyller eit år seinast innan utgangen av november det året det vert sauka om barnehageplass, har etter søknad rett til å få barnehageplass frå august.
- Barn med rett til prioritet ved opptak får plass i barnehagen
- Kommunen skal minimum ha eit opptak i året
- Kommunen skal tilby minimum 30% søskenmoderasjon i foreldrebetalinga for 2. barn og minimum 50% for 3. barn.
- Bemanning- og pedagognorm

### Dette er noko som kommunen i dag tilbyr, men som ikkje er lovpålagd.

- Kommunen tilbyr alle barn barnehageplass
- Kommunen har opptak heile året (utanom juli og halve august)
- Barn som ikkje har rett til barnehageplass grunna alder, får også plass
- Dei barna som har rett til prioritet, får også tildelt dei ressursane som vert tilrådd frå t.d. PPT
- Søskenmoderasjon er 50% for både 2. og 3. barn, og 50% for søsken i SFO

Kommunen har utdanna barne- og ungdomsarbeidarar på avdelingane

Konto	Konto(T)	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
U	Sum utgift	11 890 972,23	12 452 499,00	14 405 673,00
I	Sum inntekt	-1 576 762,93	-1 046 000,00	-196 000,00
170	Eining Barnehage	10 314 209,30	11 406 499,00	14 209 673,00

## FJELLGARDANE SKULE

Opplæringslova og læreplanverket for den 10-årige grunnskolen.

Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtiding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng. Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

### Visjon:

Visjonen vår er: Aktive og trygge elevar. Skulen si hovudoppgåve er å legge forholda best mogleg til rette for læring, og eit godt og trygt skulemiljø.

*Visjonen vår er: Aktive og trygge elevar. Skulen si hovudoppgåve er å legge forholda best mogleg til rette for læring, og eit godt og trygt skulemiljø.*

### Mål for eininga:

Fjellgardane skule skal vere ein skule kor kvar elev opplev eit inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring for alle.

Det er nulltoleranse mot mobbing i skulen. Skulen skal sørge for at alle elevane har det trygt og godt på skulen.

### MÅL SKULEÅRET 2023/24:

#### Samfunn og utvikling

*Grunnopplæringa er ein viktig del av ein livslang danningprosess som har fridom, sjølvstende, ansvar og medmenneskelegdom for den enkelte som mål.*

*Opplæringa skal gi elevane eit godt grunnlag for å forstå seg sjølv, andre og verda, og for å gjere gode val i livet. Opplæringa skal gi eit godt utgangspunkt for deltaking på alle område innanfor utdanning, arbeids- og samfunnsliv. Samtidig lever barn og unge her og no, og skolen må anerkjenne eigenverdien i barndommen og ungdomstida.*

Utklipp frå overordna del LK20



Vi arbeider for eit stimulerande læringsmiljø ved å legge vekt på verdiar, læringsmål, bygge relasjonar, gje gode tilbakemeldingar, elevsamtalar, gjennomføre sosiale tiltak og løne god åtferd. Nokre elevar får individuell tilrettelegging.

#### **Tenestekvalitet for brukarane**

Skulen gjennomfører foreldreundersøkinga, elevundersøkinga, foreldresamtalar, foreldremøte, møte i FAU, Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet.

Skulen nyttar Visma Flyt Skule (VFS) som skuleadministrativt program. Tilnærma same programvare brukast også på barnehagane i Bykle kommune. Dette sikrar dei føresette god kjennskap til bruk av programvara gjennom heile oppvekstløpet

VFS er ei skytjeneste for skuleadministrasjon. Løysningen digitaliserer ei rekkje prosessar knytt til lærarens og elevens skulekvardag. Den bidreg også til eit betre samarbeid mellom skule, SFO og heim. VFS følgjer det med ein enkel og brukarvennleg app for dei føresette.

Skuleeigar har eit stadig større krav til dokumentasjon og rapportering. Saman med Visma Flyt Skule tek skulen også i bruk Visma Sikker Sak (VSS). For skulen er trygg handtering av elevinformasjon viktig. VSS for skulen gjev dei tilsette eit sikkert saksbehandlingssystem som er enkelt å bruke. Dette sikrar god produksjon av dokumentasjon og trygg lagring til det beste for skulen, elev og dei føresette.

Alle elevane har tilgang på pc, eller nettbrett på skulen. Vi har digitale tavler i alle klassar. Fjellgardane skule har hatt grei økonomi dei seiste åra og har difor hatt mogleghet til å satse både på lærebøker og digitale læremidlar. Det gjev ein fornuftig bruk av både tradisjonelle og nye og moderne måtar å drive skule på.

På Fjellgardane skule har vi i fleire år no hatt det slik at vi flytter undervisninga ut på onsdagar. For 1.-4.klasse gjeld det dei fleste onsdagar, for 5.-7.klasse vekslar det meir mellom å vere inne og ute desse dagane. På utedagane gjer vi praktiske ting i samband med dei tema vi har om på skulen.

#### **Kompetanse og personalutvikling**

Alle pedagogane ved skulen har nå formell kompetanse til å undervise der dei undervisar. Fleirtalet med høgskule /universitetsutdanning på 5 år eller meir. Vi opplever at mange ønskjer å halde seg oppdatert gjennom kurs, erfaringsdeling og etterutdanning. Dette skuleåret tek ein lærar 15 studiepoeng i «Forebygging og håndtering av mobbing i skole og barnehage».

Vi har også intern kompetanseheving heile personalet. For skuleåret 2023/2024 er det «Inkluderande praksis» gjennom UDIR samt læringsmiljøprosjektet i samarbeid med læringsmiljøsenderet i Stavanger som er utviklingsmåla. Inkluderande praksis gjennom UDIR blir gjennomført ved gjennomgang av kompetansepakker som ligg digitalt, medan samarbeidet med læringsmiljøsenderet består av både fysiske og digitale samlingar, samt fysiske og digitale rettleiingsaukaer. Begge områda krev mellom arbeid av oss. Det er vanskeleg for oss å få tak i kvalifiserte vikarar ved fråvær. For å gjere oss mindre sårbar har vi skuleåret 2023/24 vald å tilsett litt romsleg med pedagogisk personale.

Fjellgardane skule har hatt studentar frå UIA dei siste 9 åra. Det er svært viktig for oss å vise oss fram for framtidige jobbsøkjjarar, samtidig som det også er til inspirasjon for skulen å få inn nokre med «ferske idéar.»

**Økonomi:**

Skulen har som mål å ha ei forsvarleg økonomistyring og ressursbruk.

Personalet er hovudressursen og løn er hovudkostnaden vår. Fjellgardane skule er ein få delt skule slik at fleire årstrinn går saman i mange fag. Vi prioriterer god deling i norsk, engelsk og matematikk innanfor den ramma vi har. Skulebygget, uteområdet og det tekniske utstyret på skulen er godt.

Det er likevel ein del kostnadar som kjem om ein er liten, eller stor.

**Lovpålagde oppgåver som vert dekkja av eininga, «SKAL-oppgåver»:**

Skulen må følge opplæringslova og arbeide etter Kunnskapsløftet (den læreplanen som gjeld i dag.) Elles skal skulen gje tilbod om SFO, norskopplæring for framandspråklege, spesialundervisning og leksehjelp/ fysisk aktivitet.

I tillegg vert det gjeve følgjande tilbod «KAN-oppgåver»:

Alle elevane får gratis lunsj som dei et saman, samt frukt klassevis.


Vi gir tilbod om leksehjelp for alle elevane ved skulen.

Konto	Konto(T)	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
U	Sum utgift	11 610 714,29	11 509 164,00	13 895 961,00
I	Sum inntekt	-1 596 738,39	-376 000,00	-376 000,00
180	Eining Fjellgardane skule	10 013 975,90	11 133 164,00	13 519 961,00

”

Fysst eg æ utå bygdo flate  
eg saknar fjøddi i Sætisdale.  
Fysst eg æ utå bygdan flå  
da vene fjøddi, kor æ da då?

”



# 20.

## Kommunale avgifter, prising og tilskott for 2024

Nye prisar gjeldande frå 01.01.2024

### 1. Vatn og kloakk – tilkoblingsavgift

Avgiftsområde	eks. mva	inkl. mva
<b>Dimensjon på inntaksleidning i mm</b>		
Vatn ,opp til 32 mm	kr 28 500	N=1, kr 35 625,-
Kloakk, opp til 32 mm	kr 53 900	N=1, kr 67 375,-
+ for vatn og kloakk		
32-40 mm		N= 1,5
41-63 mm		N=2
64-75 mm		N=2,5
76-110 mm		N=3
Over 110 mm		N=5

For vertikaldela hus og hytter (rekkjehus/hytter) så gjeld tilkopplingsavgiftene pr. eining. Det samme gjeld for forretningsbygg, leilighetsbygg, og andre bygg som vert seksjonera i fleire einingar/seksjonar. BRA= bruksareal.

Det er ikkje løyve til å nytte vatn frå kommunalt vannverk til energiutnytting.

## 2. Årsavgifter

Einingspris for vatn	eks. mva	inkl. mva
Pris pr. m <sup>3</sup> for vatn	kr 7,12 pr. m <sup>3</sup>	8,90 pr m <sup>3</sup>
Pris pr. m <sup>3</sup> for kloakk	kr 11,06 pr. m <sup>3</sup>	13,83 pr m <sup>3</sup>

Forbruksgebyret vert basert på faktisk vassforbruk, målt med vassmålar. Avlaupsmengde er lik vassmengde.

Abonnementsgebyr	eks. mva	inkl. mva
Vatn	N=1 kr 3080,80	N=1, kr 3 851
Avlaup	N=1 kr 3671,20	N=1, kr 4 589,-
32-40 mm	N= 1,5	N= 1,5
41-63 mm	N=2	N=2
64-75 mm	N=2,5	N=2,5
76-110 mm	N=3	N=3
Over 110 mm	N=5	N=5

Stipulert forbruk.

For dei som ikkje ynskjer vassmålar vert forbruksgebyret basert på stipulert forbruk etter slik arealtabell:

Areal	Bustadhus	Fritidsbustad
Inntil 150 m <sup>2</sup> BRA	100 m <sup>3</sup>	60 m <sup>3</sup>
151 - 200 m <sup>2</sup> BRA	150 m <sup>3</sup>	80 m <sup>3</sup>
201 - 300 m <sup>2</sup> BRA	200 m <sup>3</sup>	100 m <sup>3</sup>
301 - 400 m <sup>2</sup> BRA	300 m <sup>3</sup>	140 m <sup>3</sup>
401 - 1000 m <sup>2</sup> BRA	400 m <sup>3</sup>	160 m <sup>3</sup>

### 3. Vassmålalar

Vassmålalarleige	per målar
Inntil 26 mm	312,-
27-51 mm	504,-
52 mm og større (flensemålar)	1 565,-
Spesielle målarar (kombimålarar)	3 770,-

Målarleige forfell til betaling 1.termin. Kommunen eig vassmålaren, og betaler alle kostnader knytt til installasjon og vedlikehald av målaren. Det vert betalt ei årsleige for å dekke desse kostnadane, og leiga varierer med storleiken på målaren. Forbruket vert avlese ein gong i året. I tillegg til den faste vassmålavgifta skal abonnenten betale for mengde vatn og kloakk etter einingsprisar pr. m<sup>3</sup>. Oppsetting av vassmålalar skal skje etter forskrift for innkreving av vatn- og kloakkavgift i Bykle kommune- sjå pkt 2.

### 4. Slamtømming

Fast tømning etter liste (husstander) Tank tømmes hvert andre år. Årlig gebyr	eks. mva Kr	inkl. mva Årlig gebyr Kr
Tank <4,5 m <sup>3</sup> (minstepris)	0	0
Tank 4,5-7,5m <sup>3</sup>	0	0
Tank 7,5-10,5m <sup>3</sup>	0	0
Tank 10,5 -13,5 m <sup>3</sup>	0	0
Tank 13,5 – 16,5 m <sup>3</sup>	0	0
Volum utover forannemnde, pris pr. m <sup>3</sup>	0	0

Fast tømning etter liste (hytter) Tank tømmes hvert fjerde år. Årlig gebyr	eks. mva Kr	inkl. mva Årlig gebyr Kr
Tank <4,5 m <sup>3</sup> (minstepris)	0	0
Tank 4,5-7,5m <sup>3</sup>	0	0
Tank 7,5-10,5m <sup>3</sup>	0	0
Volum utover forannemnde, pris pr. m <sup>3</sup>	0	0

Tømming på bestilling (såkalla «tette tanker uten utløp» , minirensanlegg, og tømming ordinære anlegg utenom planlagt tid	eks. mva Kr	inkl. mva Årlig gebyr Kr
Tank <4,5 m <sup>3</sup> (minstepris)	1 028,-	1 285,-
Tank 4,5-7,5m <sup>3</sup>	1 682,-	2 102,50
Tank 7,5-10,5m <sup>3</sup>	2 352,-	2 940,-
Tank 10,5 -13,5 m <sup>3</sup>	3 024,-	3 780,9
Volum utover forannemnde, pris pr. m <sup>3</sup>	253,-	316,25
<b>Tillegg:</b> Nød-tømming utenom arbeidstid, alle tanker	3 395,-	4 243,75
<b>Tillegg:</b> Nød-tømming, hastesak (innen 24t)	7 000,-	8 750,-

## 5. Renovasjonsavgift

Type abonnement	Henting	Einings- pris ny	årsavgift eks. mva	årsavgift inkl. mva
Fastbuande				
120 liter restavfall	14	116,03	1624,40	2 030,50
240 liter restavfall	14	232,06	3248,80	4 061,00
360 liter restavfall	14	348,09	4873,20	6 091,50
120 liter matavfall	26	17,44	453,44	566,80
240 liter matavfall	26	34,88	906,88	1 133,6
360 liter matavfall	26	52,32	1360,32	1 700,40
240 liter papir (plast,glas/metal inkl)	12	34,85	418,16	522,70
Hytter			2 131,00	2 663,75

Fastbuande skal ha abonnement for restavfall, matavfall, papir/plast og glas/metall.

Levering av restavfall til Tykkås mottaksstasjon er førebels inkludera i avgifta for privatabonntar.

Fastbuande skal ha abonnement for restavfall, matavfall, papir/plast og glas/metall.

Det kan gjevast fritak for matavfall ved heimekompostering. Næringsdrivande har avtale direkte med renovatøren.

## 6. Feiing

Måleining	eks. mva	inkl. mva
Pr. pipe (bolig- og fritidshus)	Kr 450,-	Kr 562,50

Gebyr pkt 1-6 vert fastsett etter sjølvkostprinsippet.

## 7. Handsamingsgebyr

Måleining	kr
Løyve til tiltak eit trinn, pr.eining, jfr pbl § 20-1	7 725,-
Løyve tilbygg/ garasjar jf pbl 20-1	3 185,-
Rammeløyve jfr pbl § 20-1	1 800,-
Igangsettingsløyve jfr pbl § 20-1	7 160,-
Ytterlegare oppdeling i fleire trinn, jfr pbl.§ 20-1, pr trinn	1 030,-
Tiltak som kan foreståes av tiltakshaver jfr PBL 20-4	1 215,-
Endring i gjeve løyve, jr pbl.§ 20-1	2 300,-
Bruksendring jfr pbl.§ 20-1	2 000,-
Graveløyve einskildtomter, jfr PBL 20-1	1 800,-
Riving, tiltak over 100m <sup>2</sup> , jfr. Pbl §m20-1	3 185,-
Riving under 100m <sup>2</sup> jfr pbl.§ 20-1	1 215,-
Vesentlig terrenginngrep jfr pbl.§ 20-1	7 725,-
VVA-anlegg og større parkeringsplassar, jfr pbl.§ 20-1	7 725,-
Rehabilitering av pipe / ny skorstein jfr pbl.§ 20-1	1 030,-
2.mellombelse bruksløyve, jfr pbl.§ 21-10	1 800,-
Oppdeling og sammenføring av brukseiningar, jfr pbl.§ 20-1	5 000,-
Kommunal godkjenning av foretak for ansvarsrett, jfr. SAK 10 §§ 6-8 og 11-4	1 800,-
Disp.søknader jfr pbl § 19-1	10 000,-
Disp frå planar eller forskrift som må på høyring	
Disp.søknader jfr pbl.§ 19-1	7 100,-
Disp. frå planar eller forskrift ikkje høyring	
Seksjonering:	
Opptil 6 seksjonar	5 000,-
Over 6 seksjonar	8 000,-
Synfaring	2 000,-
Er det uteareal til ein seksjon skal det reknast gebyr etter matrikkellova, jfr pkt. 1.1.3 i regulativet for oppmåling.	

Gebyr for sakshandsaming av andre byggesaker etter Plan- og bygningslova vert faktura etter medgått tid, grunnlag kr 1 050,- per time. 10% av andelen av gebyrsatsane vert nytta til tilsyn jf.pbl § 33-1. Bruk av sakkyndig bistand under tilsyn vert fakturera etter gjeldane timesats frå den sakkyndige sitt føretak, jfr pbl § 33-1. Gebyr etter pbl § 19-1 og §20-1 vert fakturera med halve gebyret ved avslag.



### Hotell/leilighetsbygg/industribygg og andre arbeid under bygningslova §20-1

Måleining	pr kvm bruksareal kr
Bygg 0 - 200 m <sup>2</sup>	83,- pr. m <sup>2</sup>
201 m <sup>2</sup> og oppover	20,- pr. m <sup>2</sup>
Minstepris	7 725,-

### Midlertidige brakker/anlegg pr. m<sup>2</sup> bruksareal. Jfr pbr §§ 20-1 og 20-2.

Måleining	kr
Frå 0 m <sup>2</sup> og oppover	20,- pr. m <sup>2</sup>
Minstepris	7 725,-

### Søknad om deling av eigedom, jfr pbl.§20-1,bokstav m

Måleining	kr
Deling i tråd med grenser sett i reguleringsplan, pr.eining	1 800,-
Deling i tråd med regulert formål i reguleringsplan, pr.eining	2 330,-

Deling når verken reguleringsplan eller grenser ligg føre timepris kr1 050,-. Gebyret er å sjå på som eit handsamingsgebyr, og skal fakturerast straks saka er teke opp til handsaming. Seinare trekking av innkomne søknader/saker medfører ikkje refusjon av innkravt/innbetalt handsamingsgebyr.

#### 7 b. Gebyr for arbeid etter forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg

Det skal betalast gebyr per utslepp etter følgjande satsar:

- a Anlegg der utsleppet er kalkulert til < 15 PE kr 3 080,-
- b Anlegg der utsleppet er kalkulert til mellom 15 og 100 PE kr 5 920,-
- c Anlegg der utsleppet er kalkulert til over 100 PE kr 8 960,-

Der ein søknad gjeld fleire avløp av same storleik på same eigedom i høve til inndelinga ovanfor, skal det krevjast halvt gebyr per avløp frå og med nr. 2.

Der ein søknad gjeld fleire avløp av ulik storleik på same eigedom i høve til inndelinga ovanfor, skal det krevjast fullt gebyr for det avløpet som gjev størst gebyr og halvt gebyr ihøve til klassen per avløp som kjem i tillegg.

Søklar kan krevjast for refusjon av utlegg til fagkunnig hjelp.

#### Driftskontroll

For driftskontroll utført av kommunen eller pålagt av kommunen skal reelle utgifter dekkes av eigar.

## 8. Handsamingsgebyr for detaljreguleringsplanar.

Måleeinng	kr
Reguleringsplan + tillegg for kvar eining	17 000,- 1 000,-
Endring av reg.plan + tillegg for kvar nye eining	17 000,- 1 000,-
Endring av reg.plan forenkla prosess + tillegg for kvar nye eining	10 000,- 1 000,-
Reguleringsplan,ny1.gongs handsaming	17 000,-
Mindre endringar adm-handsaming	10 000,-
Mindre endringar politisk handsaming	15 000,-
Førehandskonferanse	2 000,-
Små tiltak-minstegebyr	2 000,-
Mangelfull søknad- avvising/retur	2 000,-
Eigne kommunale planar	0,00

Gebyret skal fakturerast straks saka takast opp til 1.gongs handsaming. Beløpet skal ikkje refunderast dersom planane eventuelt vert forkasta. Beløpet omfattar ikkje utgifter til kunngjering om igongsetjing av regulering, jfr. plan- og bygningslovas § 12-8, då desse dekkast av den private part.

## 9.1 Oppretting av Matrikkeleining

### 9.1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrund

Måleining	kr
Areal frå 0-500 m <sup>2</sup>	16 480,-
Areal frå 501-2000 m <sup>2</sup>	17 700,-
Areal over 2001 m <sup>2</sup> - auke pr påstarta daa.	1 430,-

Dersom det er oppmåling av fleire tomter som grensar til kvarandre og det er same rekviert, redusera gebyret med 15% frå og med tomt nr.2. Eigedom/tomt med meir enn 5 grensepunkt: tillegg kr 1 000,- per punkt frå og med 6.punkt. Der markarbeid ikkje er påkrevd, utløyser det halvt gebyr.

### 9.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

Måleining	kr
Areal frå 0-500 m <sup>2</sup>	16 480,-
Areal frå 501-2000 m <sup>2</sup>	17 700,-
Areal over 2001 m <sup>2</sup> - auke pr påstarta daa.	1 430,-

Eigedom/tomt med meir enn 5 grensepunkt: tillegg kr 1 000,- per punkt frå og med 6.punkt.

### 9.1.3 Oppretting av uteareal på eigarseksjon. Gebyr for oppmåling av uteareal pr. eigarseksjon

Måleining	kr
Areal frå 0-250m <sup>2</sup>	8 960,-
Areal frå 251-2000 m <sup>2</sup>	13 400,-
Areal over 2001 m <sup>2</sup> - auke pr påstarta daa	2 970,-

Eigedom/tomt med meir enn 5 grensepunkt: tillegg kr 1 000,- per punkt frå og med 6.punkt.

### 9.1.4 Oppretting av anleggseigedom (volumeigedom, t.d.tunnel)

Gebyr for oppretting av grunneigedom. Det er m<sup>2</sup> som er grunnlag for gebyr, ikkje volum.

Måleining	kr
Areal frå 0-2000 m <sup>2</sup>	33 475,-
Areal over 2001 m <sup>2</sup> - auke pr påstarta daa.	2 730,-

### 9.1.5 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter anvendt tid. Sjå pkt 9.12 Timepris.

### 9.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Gebyret blir som i punktane 9.1.1 - 9.1.5 pluss eit tillegg på kr 2 915,- .

### 9.3 Grensejustering

#### 9.3.1 Grensejustering, festegrunn og jordsameige

Ved gebyr for grensejustering kan ein justere arealet på ein eigedom med inntil 5% av storleiken på eigedomen. Ein kan maksimalt endre storleiken med 500 m<sup>2</sup>. Ein eigedom kan ikkje avgi areal som til saman blir meir enn 20% av arealet til eigedomen sitt areal før justeringa.

Måleining	kr
Areal frå – 250m <sup>2</sup>	5 780,-
Areal 251m <sup>2</sup> -500m <sup>2</sup>	7 400,-

#### 9.3.2 Anleggseigedom (volumeigedom, t.d.tunnel)

For anleggseigedom kan volumet endrast med inntil 5% av anleggseigedomen sitt volum. Den maksimale justeringa kan ikkje vere meir enn 1000 m<sup>3</sup>.

Måleining	kr
Volum frå 0-250 m <sup>3</sup>	19 880,-
Volum frå 251-1000 m <sup>3</sup>	26 780,-

### 9.4 Arealoverføring

#### 9.4.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneføremål.

Måleining	kr
Areal frå 0-250 m <sup>2</sup>	16 480,-
Areal frå 251-500 m <sup>2</sup>	17 700,-
Areal over 501 m <sup>2</sup> - auke pr nytt påstarta 500 m <sup>2</sup> .	1 430,-

Eigedom/tomt med meir enn 5 grensepunkt: tillegg kr 1 000,- per punkt frå og med 6. punkt.

#### 9.4.2 Anleggseigedom (volumeigedom, t.d. tunnel)

For anleggseigedom kan det volum som skal overførast frå ein matrikkeleining til ein annan ikkje vere registrert på ein tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til ei matrikkeleining dersom krava for samanføyning er tilstades. Matrikkeleininga skal vere eit samanhengande volum.

Måleining	kr
Areal frå 0-500m <sup>3</sup> volum	33 500,-
Areal over 501 m <sup>3</sup> - auke pr nytt påstarta 500 m <sup>2</sup> .	13 400,-

#### 9.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatfastsett ved oppmålingsforretning

Måleining	kr
For inntil 2 punkt	14 730,-
Dersom det er fleir enn 2 punkt er det tillegg pr pkt	1 215,-

#### 9.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatfastsett, "skyldskifteigedom" eller klarlegging av rettigheter

Måleining	kr
For inntil 4 punkt	14 730,-
Dersom det er fleir enn 4 punkt er det tillegg pr pkt	1 215,-

#### 9.7 Privat grenseavtale og matrikkelføring

Etter anvendt tid. Sjå pkt.9.12 Timepris

#### 9.8 Urimeleg gebyr

Dersom gebyret er heilt klart urimeleg i høve til dei prinsippa som er lagd til grunn, og i høve til det arbeidet og kostnadene som kommunen har hatt, så kan kommunedirektøren fastsette eit redusert gebyr.

Kommunedirektøren kan med same føresetnader, og på bakgrunn av grunngjeve søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsette eit redusert gebyr.

#### 9.9 Betalingstidspunkt

Gebyret skal vere betalt før kommunen sender saka til tinglysing. I saker der det ikkje ender opp med dokument som skal til tinglysing, så skal gebyret vere betalt før kommunen lagar endelege dokument i saka.

### **9.10 Forandringar i grunnlaget for matrikkelføring av saken**

Dersom rekvirenten gjer forandringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka undervegs i saka, blir likevel gebyret oppretthalde som eit minimum, men kan få eit tillegg.

### **9.11 Utsteding av matrikkelbrev**

Matrikkelbrev inntil 10 sider      kr 175,-  
Matrikkelbrev over 10 sider      kr 350,-  
Makstakst iht matrikkelforskrifta § 16,4.

### **9.12 Timepris**

Gebyr for sakshandsaming for andre oppmåling-/matrikkelsaker vert fakturert etter medgått tid, grunnlag kr 1 050,- per time. Ved bruk av ekstern bistand vert dette fakturert etter gjeldande timesats frå den sakkyndige sitt føretak med tillegg 20%.

### **9.13 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering**

Gebyr for utført arbeid når saka blir trekt før den er fullført, må avvisast eller at saka ikkje lar seg matrikkelføre på grunn av endra heimelstilhøve eller av andre grunnar ikkje kan slutførast, er sett til 2/3 av gebyrsatsane i punkt 9.1-9.7. Hvis saka trekkes, avvises eller ikkje slutførast av andre grunnar før landmåler har møtt til oppmålingsforretning, kan gebyr settes til 1/3 av aktuell gebyrsats.

### **10. Gebyr for handsaming av delings- og konsesjonssaker.**

Handsaming konsesjonssøknad      kr 5 150,-  
Deling etter jordlova      kr 2 060,-  
Gebyra er sentralt fastsett. Gebyra kjem i tillegg til handsamingsgebyr etter Plan- og bygningslova.

### **11. Fellingsavgift for elg og hjort**

#### **Ein følgjer maksimalsats i følgje sentrale retningslinjer for fellingsavgift.**

Sal av fallvilt kr 65,- pr.kg + mva.

### **12. Bestilling av eiendomsinformasjon**

For priser se e-torg, infoland og eplassen.

### 13. Foreldrebetaling i barnehagane

Måleining	per mnd. Kr
Inntekt over 5 G	1 500,-

G i 2023 er kr 118 620. Grunnlag er pensjonsgivande inntekt. Satsen vert i utgangspunkt sett til høgaste sats. For å få lågare sats (gratis kjernetid) må foreldra sjølv søke og dokumentere lågare inntekt. Prisane gjeld ved 100% plass. (80 og 60% plass; 80 og 60% av full pris) 50% søskenmoderasjon. Søskenmoderasjon gjeld mot søsken i barnehagen og samordning mot SFO. Det er SFO-prisen som reduserast. Prisane blir berekna for 10 mnd. Kost kr 380,-/mnd kommer i tillegg. Den 11 mnd- blir fakturert med dagspris iht påmelding. Dagspris maks 147,-. Ikkje søskenmoderasjon på dagspris.

### 14. Betalingssatsar for skulefritidsordninga

Måleining	per mnd. kr
Inntekt opp til 4 G	636,-
Inntekt fra 4G til 5 G	1 130,-
Inntekt over 5 G	1 500,-

G i 2023 er på 118 620. Grunnlag er pensjonsgivande inntekt. Satsen vert i utgangspunkt sett til høgaste sats. For å få lågare sats må foreldra sjølv søke og dokumentere lågare inntekt. Redusert betaling for 1. og 2. klasse jfr regjeringens vedtak. 50% søskenmoderasjon. Søskenmoderasjon gjeld mot søsken i SFO, og samordning mot barnehage. Det er SFO-prisen som reduserast. Kost kr 250,- kjemi tillegg. Prisene blir berekna for 10 mnd. Den 11 mnd – faktureres med dagspris iht påmelding. Dagspris kr 90,-. Ikkje søskenmoderasjon på dagspris.

### 15. Elevbetaling i kulturskulen

Måleining	per mnd. kr
Pris pr. semester, (*)individuell undervisning	1090,-
(*) Pris pr. semester, pr. elev i gruppe-undervisning	545,-
Pris per semester pr pers i vaksenkoret	545,-
Leige av instrument pr semester	268,-
Erstatning av utstyr, inntil	2 500,-

(\*) 50 % søskenmoderasjon. (Barn 1 betaler full pris, søsken betaler 50%)  
Inntekt opptil 4 G: 50% rabatt for barn 1.

## 16. Utleige av Bykle samfunnshus og Hovden grendehus.

Måleining	Prisgruppe 1	Prisgruppe 2
Leige pr. dag, enkeltrom utanom åpningstid (gymsal, festsal, foaje, kjøkken, lesesal, dansesal)	1 960,-	400,-
Leige av lokaler i opningstida:		
- møterom (lesesal/hemsen), inntil 4 timer	660,-	
- kjøkken, inntil 4 timer	660,-	
- gymsal per time	350,-	
- dansesal per time	270,-	
Reinholdstenester, pr time (2)	600,-	(arr) 600,-
Vaktmeistertenester, pr time (1)	600,-	600,-
Leige Hovden langrennarena	1 100,-	400,-
Flatelandsstoga	1 100,-	400,-

Prisgruppe 2: Innbyggjarar samt lokale lag og organisasjonar. Der barn og unge er målgruppa, er det gratis både i og utenfor åpningstid.

Prisgruppe 1: Dei som ikkje er i prisgruppe 2.

For utfyllande vilkår, reglar og rutinar samt bestilling; kontakt Hovden Grendehus / Bykle samfunnshus. Utarbeiding av utfyllande vilkår, reglar og rutinar er delegert til kommunedirektøren.



## 17. Diverse prisar, kopiering, leige lydutstyr,scene ol

Utstyr	Prisgruppe 1	Prisgruppe 2
Liten lydrigg/utandørs lydrigg inkl 1 trådløs mikrofon	590,-	360,-
Scene, element 2x1 m . evtnt bord. Pr stk	100,-	50,-
Leige kjøkkenservice- og utstyr (ut av huset) minimumspris/inntil		
20 personer	400,-	200,-
For 20-70 personar	600,-	300,-
Over 70 personar	800,-	400,-
Utleige kun til innandørsbruk:		
<b>Bord (4.manns)</b>		
Inntil 20 personar ( minimumspris)	500,-	250,-
20-70 personar	1 000,-	500,-
Over 70 persona	1 400,-	700,-
<b>Stolar</b>		
Inntil 20 personar (minimumspris)	500,-	250,-
For 20-70 personar	1 000,-	500,-
Over 70 personar	1 400,-	700,-
Møteservering i åpningstid, servering i tillegg til innkjøp varer	200,-	200,-
Kopiering (kulturhus og rådhus) Lag og organisasjonar kan be om faktura Pris per kopi (mva inkl).	Frå kr 2,-	Frå kr 2,-
Laminering, kontant betaling, per ark frå , mva inkl A4	Frå kr 10,-	Frå kr 10,-
Plotting, kontant betaling, per ark frå , mva inkl A	50,-	50,-
Adgang symjehallen Bykle	Kr 0,-	Kr 0,-

Prisgruppe 2: Innbyggjarar samt lokale lag og organisasjonar.

Prisgruppe 1: Dei som ikkje er i prisgruppe 2.

For utfyllande vilkår, reglar og rutinar samt bestilling; kontakt Hovden Grendehus/Bykle samfunnshus.

Utarbeiding av utfyllande vilkår, reglar og rutinar er delegert til kommunedirektøren.

### 18. Kyrkja, festeavgift graver m.m.

Gjeldande sats for festeavgift er kr 1 000,- pr.grav for ein periode på 10 år. (kr 100,- pr år fakturerast 10 år av gongen).  
Fri tilgang til kyrkjer i kommunen.

### 19. Betaling for opphald på institusjon

Eining	
Betaling av grunnbeløpet i folketrygda	75 %
Betaling av pensjon over G, samt anna inntekt	85 %
Korttidsopphald, pr. døgn	sentrale retningslinjer
Sal plass til andre kommuner	kr 3 040,- per døgn
Sal av plass til besøkende	kr 1 050,- per døgn
Omsorgsbustad i institusjon	kr 7 900,- per mnd

### 20. Heimehjelp

Eining	Timar	Einingspris	Total pris pr. måned
Nettoinntekt inntil 2G		400	*220
Nettoinntekt frå 2-3G	Inntil 4 timar	400	1600
Nettoinntekt frå 3-4G	Inntil 5 timar	400	2000
Nettoinntekt frå 4-5G	Inntil 6 timar	400	2400
Nettoinntekt over 5 G	Inntil 7 timar	400	2800

Grunnlag nettoinntekt: husstandens samla skattbare nettoinntekt før særfradrag.

## 21. Diverse varer og tenester frå pleie- og omsorg.

Eining	kr
Ambulerande vaktmeister	
Nettoinntekt 0-3G	100,- pr time
Nettoinntekt over 3G	200,- pr time
Tryggleiksalarm * 1 års abonnement	2 850,- per år
Abonnement måltid (omsorgsbustad)	3 450,- pr mnd
½ abonnement måltid, middag omsorgsbustad	110,- per dag
Dasgaktivitetstilbod og dagsenter	145,- per måltid
Sal av måltid til besøk	
Frukost/kveldsmat	45,- per måltid
Lunsj med kaffi	60,- per måltid
Middag med kaffi	95,- per måltid

\*Oppsøkjande verksemd for trygghetsalarm er gratis. Hjelp til montering og reparasjon er gratis.

## 22. Husleigesatsar.

*Det blir lagt på 4% prisstigning på leige bustader.*

Prisregulering etter kontrakt. Der møblar eller kvitevarer vert leigd, vert leiga regulert på lik linje med husleige.

For nye kontrakter på tilrettelagde bustader nyttar ein marknadsleige.

Pris etter marknadsleige. I det påfylgjande er det trekt fram eksempel på korleis prisfastsetjinga etter marknadsleige vil slå ut.

Prisgruppe	Bykle	per måned
B1	Einbustad hoveddel	7 700,-
B2	Leilighet (min 3 sov)	6 850,-
B3	Leilighet (2 sov)	5 750,-
B4	Hybelleilighet (1 sov)	4 500,-
B5	Garasje	415,-
B6	Kvitevarer (komfyr, kjøleskap, oppvaskmaskin)	210,-
Prisgruppe	Hovden	per måned
H1	Einbustad hoveddel	9 650,-
H2	Leilighet (min 3 sov)	7 750,-
H3	Leilighet (2 sov)	6 600,-
H4	Hybelleilighet (1 sov)	5 400,-
H8	Garasje	421,-
H9	Kvitevarer (komfyr, kjøleskap, oppvaskmaskin)	210,-
	Røyrvikåsen 3 soverom	9 650,-
	Røyrvikåsen 2 soverom	7 750,-
	Røyrvikåsen 1 soverom	6 600,-

Av rekrutteringsomsyn legg ein inn ei subsidiering dei tre (3) fyrste åra slik:

År 1,2 og 3: 30% rabatt på marknadsleige. Marknadsleige frå år 4 med vanleg konsumprisindeksregulering.

### 23. Boligtomt

Pris	Kr
Pris pr kvm <sup>2</sup> råtomt	21,-
+andel veg/vatn/kloakk	49 500,-

### 24. Utleige av næringsbygg

Eining	
Utleige av næringsbygg	Etter særskilte kontrakter
Utleige Lislestog, styrt av stiftninga	Pr. dag, kr 1 200,-
Utleige næringsområde	kr 10,- per kvm per mnd

### 25. Anna

Pris	kr
Tilsynsavgift for salsstader for tobakk og tobakkssurrogater, årleg avgift	4 800,-
Ambulerande skjenkeløyve	500,-

## 26. Ymse tilskotts- og stønadsordningar

### Eining – tilskotts/stønadsordn.

Stipend skuleelevar (eige reglement): Vert justert etter konsumprisindeksen 01.01.2024 utgpkrt kr 10 000.	Kr 10 000,- pr. semester
Lærlingetilskott:	Kr 1 000,- per måned
Skikort, barn t.o.m. 18 år registrerte i manntallet ** Vaksne: Inntekt under 4G kan søke om 20% rabatt	Eigenandel kr 200,- resterande vert dekt 50/50 av kommunen/skisenteret
Årskort badeland barn-som skikort **	Eigenandel kr 100,- Resterande vert dekt 50/50 av kommunen/badeland
Tilskot til næringsføremål (også jord- og skogbruk).	Handsaming som einskildsaker, næringsramma
Skotpremie;	
Mår og mink	Kr 300,-
Rev	Kr 500,-
Særskilte arrangement, avgjerd delegert til kommunedirektør opp til 10.000,- Politisk handsaming ved søknad over kr 10 000,-.	Handsamast som einskildsaker, næringsramma
Utviklingsstipend	Eige regelverk Ksak31/21 Kr 75 000,- (maks)
Kulturpris	Eige regelverk Kr 10 000,- + kunstverk
Kulturmidlar, tilskott grendehus/kulturhus, tilskott bøker/film, tilskott arrangement o.a. kulturtilskott	Eige regelverk Samla ramme kr 1 000 000
Etableringstilskot. Eige regelverk Blir indeksregulert årlig frå 1.1.2023	For leilighet kr 150 000. For einebustad kr 400 000 - 600 000 (2023-tal)
Startlån	Eige regelverk

Prislista er ikkje uttømmande. Utdypande reglement for tilskot finn du på [www.bykle.kommune.no](http://www.bykle.kommune.no)

\*\* Tilskot til skikort/ årskort badeland: ny pris gjeld sesongen 2024/2025



© BYKLE KOMMUNE 2023

**Tress Design:** grafisk design

**Foto:** Signe Sollien Haugå og privat

**Stev:** henta frå «Stev for dagen» av Bråten Berg, Rolfsen, Rysstad

Atterhald om trykkfeil



**BYKLE  
KOMMUNE**

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle  
T 37 93 85 00

[postmottak@bykle.kommune.no](mailto:postmottak@bykle.kommune.no)  
Org.nr.: 958 814 968

